


**VERNEVERDIG EDELLAUVSKOG  
I MØRE OG ROMSDAL**



MILJØVERNAVDELINGA  
Fylkeshusa Tlf. 072 - 58 000  
6400 MOLDE

Rapport nr. 5 - 1991  
ISBN-82-7430-038-6  
ISSN: 0801-9363

## INNHALD

INNLEIING .....	5
EDELLAUVSKOG - EIT MANGFALDIG ØKOSYSTEM .....	6
LAUVSKOGEN I KULTURHISTORISK PERSPEKTIV .....	6
VERDIEN AV URØRT SKOG .....	7
KVA ER EDELLAUVSKOG? .....	8
EDLE TRESLAG OG ANDRE VARMEKJÆRE PLANTER .....	9
HISTORIKK - INNVANDRINGSHISTORIE .....	9
EDELLAUVSKOGSTYPANE I MØRE OG ROMSDAL .....	10
VERNEPLAN FOR EDELLAUVSKOG I MØRE OG ROMSDAL .....	12
BAKGRUNN FOR VERNEPLANARBEIDET .....	12
MÅLSETTING OG METODER .....	13
VURDERING AV VERNEVERDI - PRIORITERING .....	14
GEOGRAFISK FORDELING AV EDELLAUVSKOGSLOKALITETANE ..	15
PRIORITERTE EDELLAUVSKOGSLOKALITETER .....	18
1 HAVÅG Ulstein kommune .....	19
2 EIKSUND-ALMSTRAND Ulstein og Hareid kommunar .....	20
3 FANNENE Volda kommune .....	22
4 LID Volda kommune .....	23
5 BERKNES Volda kommune .....	24
6 LEKNES Ørsta kommune .....	26
7 GJEVENES-STRANDABØ Ørsta og Sykkylven .....	27
8 KVAMSEELVA-KOLSKJENESET Ørsta kommune .....	29
9 SJØHOLT Ørskog kommune .....	30
10 MULDALSLIA Norddal kommune .....	31
11 HYSKET-GRANDE Stranda kommune .....	33
12 NESPLASSEN Stordal kommune .....	34
13 SULESUND Sula kommune .....	35
14 SULA SØRVESTSIDE Sula kommune .....	37
15 ØVRE GRYTA Haram kommune .....	38
16 MYSKJEURDENE Haram kommune .....	40
17 SLETTASVA Rauma kommune .....	41
18 MJØLVA Rauma kommune .....	42
19 UNHJEM Rauma kommune .....	44
20 STAKKENG FONNA Nesset kommune .....	45
21 JUTNESET-ASALHAMMAREN Nesset kommune .....	46
22 ØVRE VIKE Nesset kommune .....	48
23 HAGSET-OPSTAD Midsund kommune .....	49
24 EIKÅSEN Averøy kommune .....	50
25 RAUSANDBERGET Averøy kommune .....	52
26 BOKKSASPA Tingvoll kommune .....	53
27 EIKREM Tingvoll kommune .....	54
28 KANSDAL-VULVIK Tingvoll kommune .....	56
29 KNUTSLIØYAN Sunndal kommune .....	57

30 OPPDØLSTRANDA-SANDVIKDALEN Sunndal . . . . .	58
31 SMÅVOLL Sunndal kommune . . . . .	60
32 OTTEM Sunndal kommune . . . . .	62
33 KALSETLIA Surnadal kommune . . . . .	63
34 BRØSKE Surnadal kommune . . . . .	64
35 ALMBERG-DALSEGG Surnadal og Rindal kommunar . . . . .	65
36 TODALEN Aure kommune . . . . .	67
ANDRE EDELLAUVSKOGSLOKALITETAR SOM ER UNDERSØKT . . . . .	68
KVA INNEBER VERN? . . . . .	95
LOVHEIMEL . . . . .	95
FORSLAG TIL GENERELLE VERNEREGLAR . . . . .	96
SAKSBEHANDLING OG FORVALTNING . . . . .	98
FORKLARING AV EIN DEL ORD OG UTTRYKK . . . . .	100
LITTERATURLISTE . . . . .	101

## INNLEIING

For 15.000-20.000 år sidan var nesten heile Skandinavia dekt av is. Berre nokre få plante- og dyrearter kan kanskje ha overlevd den siste istida ytst ved kysten eller på dei høgste fjelltoppane. Etter kvart drog isen seg attende og planter og dyr byrja å vandre inn frå dei kringliggande områda. Ulike planteartar fann tilfredsstillande levevilkår i forskjellige område, avhengig av sine krav til samansetting av jordbotnen og klimaet. På denne måten blei det danna lauv- og barskogar, myrar og heier. Fugle- og dyreartar hadde ulike krav til terreng og vegetasjon i dei områda dei skulle leve i. Dyrelivet varierer derfor i takt med variasjonen i vegetasjon og naturtilhøve elles.

I fleire tusen år levde menneska her i landet i og av naturen utan at dei gjennomførte større, uomgjærlege endringar i landskapsbiletet, eller av plante- og dyrelivet. Etter kvart blei ein del område dyrka opp eller nedbygd, men inngrepa i naturen var framleis heller små. Den tekniske utviklinga dei siste hundre åra har imidlertid gitt vår generasjon nesten uavgrensa høve til totalt å omforme landskapsbiletet og til å gjere store og ubøtande naturinngrep. Dette kan få skjebnesvangre følgjer for ei lang rekkje plante- og dyreartar. Dei artane som er knytte til sjeldne naturtyper vil vere serleg utsette, men også andre artar vil kunne få leveområda sine sterkt nedskorne.

Samstundes som den tekniske utviklinga har gitt oss auka materiell velstand, har den og ført med seg store omveltingar naturmiljøet. I føremålsparagrafen i naturvernlova av 19. juni 1970 heiter det derfor:

"Naturen er en nasjonalverdi som må vernes. Naturvern er å disponere naturressursene ut frå hensynet til den nære samhörighet mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal bevares for fremtiden. En hver skal vise hensyn og varsomhet i omgang med naturen. Inngrep i naturen bør bare foretas ut frå en langsiktig og allsidig ressursdisponering som tar hensyn til at naturen i fremtiden bevares som grunnlag for menneskenes virksomhet, helse og trivsel."

I samsvar med dette vil det nå i all fysisk planlegging måtte setjast etter måten klare krav om at det skal takas naturvernmessige omsyn. Dette er naudsynt både for å bevare spesielle naturtyper og for å gje planlegginga ei breidde som tek rimelege omsyn til dei langsiktige perspektiva i naturressursforvaltninga som naturvernlova føreset. Det er enkelte naturtyper som det i dag er serleg stort press på. Det er eit tilsvarande behov for å få ei oversikt over kor store ressursar vi har av desse naturtypene og for å finne ut korleis ressursane best kan forvaltast for framtida. Blant desse naturtypene er våre edellauvskogsområde.

## **EDELLAUVSKOG - EIT MANGFALDIG ØKOSYSTEM**

Før mennesket tok til med åkerdyrking var storparten av Europa og store delar av Sør-Norge dekt av frodige lauvskogar med eit dyreliv som dels er ukjent for dagens menneske. I dag har vi svært lite igjen av desse skogane. Klimaendringer er noko av årsaken til dette, men utviklinga av vår kultur må bere det største ansvaret.

Veidemannen fann tidlig ut at dyrking av åkerland ga betre levekår enn jakt, fiske og sanking av bær og frukter. Dyrking av skogområda i Norge tok til alt for 4 000 - 5 000 år sidan, og lauvskogsområda var dei mest fruktbare. Lauvskogen, og det dyre- og planteliv som var avhengig av denne skogen, måtte vike for oss menneske.

Ingen vil bytte bort moderne landbruk med skogar som på ingen måte kan gi same avling, men med vår tids tekniske mulegheiter for å endre naturen må vi ha eit særleg ansvar for at denne naturtypen ikkje vert utsletta.

## **LAUVSKOGEN I KULTURHISTORISK PERSPEKTIV**

Utnytting og bruk av skogen i Norge er like gammel som bosettinga i landet. Frå dei første fann eit næringsgrunnlag her har dei på ulike måtar utnytta skogen som ressurs for seg sjøl, for levemåte og livberging, for mat og til reiskaper, for jakt, jordbruk og fiske. Måten dei nytta skogen på har endra seg gjennom tidene, ulikt i ulike landsdelar, og ikkje minst etter kva slags treslag dei fann. Det er menneska sin bruk av skogen som er kulturhistoria.

I Norge er det garden som utgjorde den driftseininga som var basis for ei mangesidig utnytting av naturressursane. Skogen ga det meste av dei materialene som måtte til for å lage reiskaper og verktøy på gardane. For landbruket var skogen særleg viktig, men og fiskarar og fiskarbønder nytta trevirke til reiskaper og båtar. Vi har enno inga samla undersøking av korleis folk på ulike stader valde ut treslag til ulike bruksområde og korleis dei vurderte treslaga sine eigenskaper. Mykje av denne kunnskapen finn vi enno hos eldre menneske, og det hastar med å dokumentere dette. Her følgjer nokre gløtt inn i kunnskapskista om bruk og utnytting av lauvskogen.

I det gamle husdyrhaldet kom ein vesentleg del av vinterforet frå lauvskogen. Så seint som i matrikkelrevisjonen frå 1860-åra var lauv og lauvskog ført opp som ein viktig økonomisk "herlegheit" dei fleste stader i landet, men særleg på Vestlandet. Mange kom seg gjennom vårknipa ved å bruke lauv og bork, "skav" av ulike lauvtre. Frå Innfjorden fortalte ei gardkjerring at ho kvar haust sank lauv av både bjørk, rogn, hegg og ore. Det beste var orelauvet! Ein haust sank dei på garden Demdal tilsaman 1200 lauvkjerv. I bygder med hassel var det treslaget også mykje brukt som fortilskot. Synlege spor etter lauvskinga kan vi sjå i form av såkalla "lauvna" tre i skogen. Dette var tre kor garden systematisk hogg 2-3 år gamle skot av trea over lang tid. Borken vart og utnytta som "skav", helst av bjørk, rogn og ikkje minst av alm. I naudsår er det kjent også frå Møre og Romsdal at almebork vart nytta som innblanding i maten for oss menneske, for å drøye mjølet!

Bork av lauvtre vart og nytta til andre formål. Her i fylket var bjørkebork det viktigaste

råstoffet for barking av garn, nøter og båtseil. I område med eik, vart eikebork brukt til garving. Bjørkenever var kjent som eit viktig taktekkingsmateriale under torva. Bjørkenevra har både isolerande og vassavstøytande eigenskaper. Kokos- eller hampetau var ikkje tilgjengeleg på alle gardar. Istaden vart bast frå lind nytta til tauverk. Elles vart unge bjørkeskudd nytta til mykje av det vi bruker tau til i dag, i form av vidjer. Lengda varierte etter bruksområde. Lange, mjuke band for å bunte saman høyllass under transport frå utmarksslåttene til garden, kortare som keipband eller hamleband på robåtane, eller som vidjer/vidjeband på hesjer. Den krokvekste "hegda" eller "rephegda" med lang lærreim er eit godt døme på bruk av eit lauvtreemne som surre- eller festeanordning. Ask er kjent som eit godt treslag til å lage ski av.

Bjørka sin store verdi til brensel er vel kjent, og også andre lauvtre vart nytta til brenne. Bjørkeoska var høgt skatta for å lage lut til lutfisk! På nokre bjørketre veks ein sopp, knusk eller knott. Han vart bruka til å gjera opp eld. Under krigen med knappe tider på det meste, tok bruken av knott seg opp igjen, m.a. som drivstoff for bilar. Eldre folk fortel om bruk av fint, tynt bjørkeris istaden for halm i sengane, altså som madrass! Og snart er vel også "sopelimen" av bjørkeris gått i gløymeboka. Dei eldste sopelimene vart surra saman med bjørkevidjer, medan ein i dag nyttar stålstreng.

Også for båtbyggerane på Vestlandet var bjørka viktig. Ofte var båtstammen forma av eit krokvakse bjørkeemne. Går vi vidare i maritim lei og tenkjer på båtstøa med dei karakteristiske "lunnane" på tvers, så er det ikkje tvil blant gamlekarane om at asp (osp) er beste treslaget til dette. I Møre og Romsdal er det mange grindabygde naust. Denne konstruksjonen treng både langs- og tverrgåande avstivarar, "skråband", og ofte er krokvaksne bjørkeemner nytta. Bjørkenever var vanlig i bruk som garnfløyt, men museumsmateriale vitnar om at både rogn- og bjørketre og vart nytta til same formål.

I gamle dagar vart det meste lagra og transportert i tønner. Hasseltre, eller "hatl" var overlegen som emne for bandstaker til tønneband. Men hegg, rogn og selje ga og gode band. I mange fjord- og dalbygder var produksjon av tønneband ei viktig attåttnæring. Bøkkerane i byane var avtakarar for produksjonen. Hasselnøttproduksjonen var og ei viktig næring i enkelte bygder, med Eikesdal som den mest kjente.

Desse gløtta gir oss eit inntrykk av verdien av lauvskogen for våre forfedre. På avgrensa plass må døma avgrensast. Til utnytting av skogen knytter det seg og hevdvunne bruks og eigedomstilhøve som er kulturhistorisk interessante. I sin tur gir dei oss i ettertid kunnskap. Ikkje bare om arbeidslivet, men og om samfunnstilhøva, om fordelinga av rettar, om samarbeid og sosial organisasjon i gamle dagar. Skogen, og særleg lauvskogen, var ein del av garden sitt økonomiske grunnlag, den var ein del av utmarka og eit heilheitleg kulturlandskap. Den er ei kilde til kunnskap om vår kulturhistorie, om deling og bruk av knappe ressursar i eit på mange vis marginalt samfunn. Derfor må vi verne om den, og om brukstradisjonar og den innsikt som er erverva om lauvskogen som ressurs i vår folkekultur.

## **VERDIEN AV URØRT SKOG**

Med auka kunnskap om lauvskogen sin funksjon i naturen og verdi for menneska har det blitt avgjerande å ta betre vare på edellauvskogen.

1. Norge har verdens nordlegaste utløparar av edellauvskog. Vi har derfor eit internasjonalt ansvar for å sikre desse forekomstane.
2. Det moderne samfunnet har ført til aksellererande endringar og omdisponeringar av naturlege økologiske system. Det er derfor særleg viktig at vi kan sikre eit nett av referanseområde mest muleg urørt (naturreservat). På denne måten får vi høve til å registrere dei biologiske endringane menneskeaktiviteten fører med seg i andre område.
3. Edellauvskog finst berre på lokalitetar med særleg gunstig klima og jordbotn. Ei rad plante- og dyresamfunn finst derfor berre i slike område. I edellauvskog er det såleis sjeldne økologiske system av stor verdi for økologisk forskning.
4. Dyrelivet i edellauvskog skil seg på ulike vis frå dyrelivet i andre skogtypar. Ei av årsakene til dette er den store produksjonen av plantemateriale og lågare dyreartar som t.d. insekter. Edellauvskog er slik viktige leveområde for jaktbart vilt, og fuglefaunaen er rik.
5. Mange plante- og dyreartar er heilt avhengige av de spesielle levekåra som finst i ulike typer edellauvskog. Fleire artar er i dag sjeldne og dels truga av utrydding som eit resultat av tilbakegangen av edellauvskog.
6. I våre nordlegaste edellauvskogar har det utvikla seg hardføre treraser (provenienser) som i framtida kan foreldast og gi auka produksjon av spesielt lauvtrevirke under norske tilhøve.
7. Undervisning på alle skoletrinn har nytte av edellauvskogsområde. Ved fagskular og i høgare utdanning er slike område særleg viktige for undervisning i botanikk, zoologi, jordbotnlære, økologi og forstleg stell av denne typen skog.
8. Edellauvskogen skaper variasjon i landskapet og har slik stor estetisk verdi. Landskap med edellauvskog er derfor særleg attraktivt for friluftsliv.

## **KVA ER EDELLAUVSKOG?**

Ved ei grov inndeling av vegetasjonen på jorda, finn vi at det aller meste av Norge ligg i den såkalla boreale (nordlege) barskogsona. Denne sona strekkjer seg rundt heile den nordlege halvkula, og hos oss er gran og furu dominerande treslag. Bjørk, osp, rogn og gråor høyrer og til i denne sona.

I eit belte langs kysten frå svenskegrensa til Trøndelag finst imidlertid innslag av skogtypar som med eit samlenamn kallast EDELLAUVSKOG. Desse skogtypane har som fellestrekk at dei er samansett av treslag med høge krav til temperatur og dels har store krav til jordsmonn. I gjennomsnitt krev dei edle treslaga ein middeltemperatur i juni til september på minst 12,5 °C. Til samanlikning krev gran og furu berre omlag 8,4 °C i samme tidsrom. Edellauvtrærne utgjer berre omlag 1% av dei naturlege treslaga i Norge, målt i kubikkmasse.



## EDLE TRESLAG OG ANDRE VARMEKJÆRE PLANTER

Til dei edle treslaga vi har i Norge reknast:

Lind (*Tilia cordata*), Alm (*Ulmus glabra*), Hassel (*Corylus avellana*), Spisslønn (*Acer platanoides*), Sommareik (*Quercus robur*), Vintereik (*Quercus petraea*), Bøk (*Fagus sylvatica*), Ask (*Fraxinus excelsior*).

Av desse finn vi alm, hassel og dels ask med relativt god utbreiing i Møre og Romsdal, medan lind og sommareik finst på nokre få lokalitetar på verdas norlegaste utpostar. Vintereik og bøk finst ikkje naturleg viltveksande her.

I tillegg til desse "klassiske" edellauvtreslaga, er det i landsplanen for edellauvskogsreservat også teke med stabile forekomstar av svartor (*Alnus glutinosa*), samt ved visse høve lokalitetar med gråor (*Alnus incana*) og hegg (*Prunus padus*). I Møre og Romsdal er det fleire stader edellauvskoger med dominans av platanlønn (*Acer pseudoplatanoides*). Dette treslaget er opprinneleg forvilla, men har nå blitt eit av dei vanlege lauvtreslaga på eigna lokalitetar i fylket. Søtkirsebær (*Prunus avium*) er og temmeleg vanleg i enkelte typar av edellauvskogar i fylket.

Kristtorn (*Ilex aquifolium*) og barlind (*Taxus baccata*) er to artar som har utbreiing omlag som edellauvtrærne. Kristtorn har si norgrense på Nordmøre, medan barlind finst nord til Molde. I tillegg er det ei rad urter, gras og andre planter vi berre finn i edellauvskog. Nokre av desse blir nærare presentert i kapittel 3.3.

## HISTORIKK - INNVANDRINGSHISTORIE

Da den siste istida tok slutt for omlag 10 000 år sidan, vart dei nakne landområda etter kvart invadert sørfra av særleg hardføre planter. Mellom desse var bjørk og fleire vierartar. Klimaet vart gradvis betre, og furua auka si utbreiing.

For omlag 7 500 år sidan fekk vi den første av fleire gunstige klimaperiodar som varte heilt til for 2 500 år sidan. I denne tida var middeltemperaturen for varmaste månad opptil 2 °C høgare enn i dag. Dei lågare delane av landet vart da dekt av edellauvskog, og på Hardangervidda var det furuskog. Dei første edle treslaga som kom var or, alm og lind. For omlag 5 000 år sidan skifta det varme klimaet frå fuktig til tørt, og da kom også eik og ask inn i vår flora.

For 2 500 år sidan fikk vi eit kjølegare klima, og grana kom inn i landet og fortrengte lauvskogen på Austlandet. Også på vestsida av Langfjella vart edellauvskogen trengt attende til dei mest gunstige lokalitetane. Mange av desse bestandane er igjen gått tapt som følge av menneskeleg aktivitet, m.a. oppdyrking. I dag er det att berre små restar av dei frodige og rike edellauvskogane frå varmetida. På Vestlandet har dei klart seg best i vanskeleg tilgjengelege og solrike urer og rasmarker.

Dei norske forekomstane av edellauvskog utgjer dei nordlegaste utløparane i verda av denne naturtypen.



## EDELLAUVSKOGSTYPANE I MØRE OG ROMSDAL

Alle planteartar har meir eller mindre strenge krav til temperatur, lys, næring og fukt. Når dei naturgitte tilhøva endrer seg gjennom eit landskap, endrer og vegetasjonen seg. I botanikken delast derfor vegetasjonen inn i vegetasjonstyper. Edellauvsskogane krev mykje varme, og dels god næringstilgang, og er samansett av vegetasjonstyper forskjellige frå furuskog på skrinn mark eller open myr.

Edellauvskogstypene i Møre og Romsdal syner stor variasjon, og den definitive inndelinga er truleg enno ikkje gjort. I denne verneplanen er typene inndelt etter det systemet som vart lansert gjennom Økoforsk utredning 1987:1 "Enheter for vegetasjonskartlegging i Norge", redigert av Eli Fremstad og Reidar Elven. Dette valet har og farga utvalet av dei artane som er tekne med i lokallitetsbeskrivelsane. Ikkje alle artane som er lista opp som varmekjære, er berre det, men dei er med og karakteriserer dei ulike skogtypene, og er slik viktig for klassifiseringa av områda.

Skogvegetasjonen er inndelt i 5 hovudgrupper. Gruppe A omfattar bar- og bjørkeskogane på skrinn mark. Gruppe B og C er bar- og bjørkeskogar på meir næringsrik mark. Av desse er Gråor-heggeskog spesielt interessant i edellauvskogssamanheng, sidan den har mange fellestrekk med enkelte av edellauvskogstypene. Gruppe D er dei eigentlege edellauvskogane, medan gruppe E omfattar skog og kratt på sumpig mark.

Inndeling av naturleg vegetasjon i typer (grupper), slik det er gjort her, er eit nyttig hjelpemiddel i ulike samanhenger. Men einn finn vanlegvis ikkje "grenser" i naturen mellom dei ulike typene, og dei førekjem ofte i ulike grader av mosaikkar. I tillegg til ytre kjenneteikn ved eit område som grunntilhøve og vasshushald, nyttar botanikarane spesielle planteartar for å skilje dei ulike typene. Til dømes er myske, sanikel og ramslauk tre artar som berre finst i varmekjær lauvskog og på næringsrik grunn. Desse artane er då skiljeartar mot fattigare vegetasjonstyper som t.d. gråor-heggeskog. Mange av dei registrerte lokalitetane i fylket inneheld fleire ulike vegetasjonstypar.

### C3 Gråor-heggeskog (Alno incanae-Prunetum padi)

Rein gråorskog eller blandingskog med gråor, hegg, bjørk og vierarter i tresjiktet. Ofte hegg, villrips og bringebær i busksjiktet og frodig og tett feltsjikt med urtar og høge bregner. Opptre på frisk, næringsrik mark langs elver og bekkar og i lier. Finst i midtre og indre fjordstrøk.

Urter som dominerer eller har sitt tyngdepunkt i gråor-heggeskog:

Tyrilhjelm (*Aconitum septentrionale*), Kvitveis (*Anemone nemorosa*), Maigull (*Chrysosplenium alternifolium*), Turt (*Cicerbita alpina*), Lerkespore (*Corydalis intermedia*), Mjødurt (*Filipendula ulmaria*), Gullstjerne (*Gagea lutea*), Springfrø (*Impatiens noli-tangere*), Strutseving (*Matteuccia struthiopteris*), Hundekveke (*Rogneria canina*), Skogsvinerot (*Stachys sylvatica*), Skogstjerneblom (*Stellaria nemoreum*), Stornesle (*Urtica dioica*), Vendelrot (*Valeriana sambucifolia*), Fjellfiol (*Viola biflora*).

## D EDELLAUVSKOG

Varmekjær lauvskog på fastmark. Viktige treslag i Møre og Romsdal er sommareik, hassel, alm, ask og lind. Med unntak av nokre av eikeskogane, opptrer edellauvskog på næringsrik grunn. Feltsjiktet er gras- og urtedominert. Dei rike edellauvskogane er omfattar nokre av dei mest artsrike skogsamfunna, og karakteriserast ved forekomstar av sørlege planteartar som ikkje veks i andre vegetasjonstypar.

### D1 og D2 Eikeskog (Populo-Quercetum og Melico-Quercetum)

Eikeskog, som regel åpen med sparsomt busksjikt. Den fattigaste utforminga (D1) har lyng- og mosedominert feltsjikt, på rikare mark (D2) dominerer gras og urter. I Møre og Romsdal finst typen spreidd i midtre og ytre fjordstrøk, med verdens nordgrense i Tingvoll på Nordmøre.

Bøkeskogane skal og førast hit, men desse finst ikkje i Møre og Romsdal.

### D4 - D7 Edellauvskog på næringsrik mark

Ein nytter i hovudsak feltsjiktet, urter og gras, for å skilje dei ulike skogtypane. I tabellen under er det sett opp ei oversikt over dei artane som karakteriserer edellauvskog på næringsrik grunn (Fremstad og Elven 1987). Artar som ikkje kan påtreffast i Møre og Romsdal er utelatt frå lista.

#### Treslag:

Hassel (*Corylus avellana*), Søtkirsebær (*Prunus avium*), Barlind (*Taxus baccata*), Lind (*Tilia cordata*), Alm (*Ulmus glabra*), Leddved (*Lonicera xylosteum*).

#### Urter og gras:

Ramslauk (*Allium ursinum*), Skoggrønaks (*Brachypodium sylvaticum*), Skogfaks (*Bromus benekeni*), Bergfaks (*Bromus ramosus*), Lundkarse (*Cardamine impatiens*), Tannrot (*Dentaria bulbifera*), Skogsvingel (*Festuca altissima*), Kjempesvingel (*Festuca gigantea*), Myske (*Galium odoratum*), Svarterteknapp (*Lathyrus niger*), Skogfredlaus (*Lysimachia nemorum*), Falkbregne (*Polystichum aculeatum*), Junkerbregne (*Polystichum braunii*), Sanikel (*Sanicula europaea*).

### D4 Alm-lindeskog (Ulmo-Tilietum)

Frodig almeskog, busksjikt av hassel og hegg førekjem. Gjerne opent og artsrikt feltsjikt, og ofte rikt våraspekt. Typen finst i sørvendte lier, ofte på skredmark. Mest varmekjær av almeskogstypene. Har si utbreiing i Møre og Romsdal i midtre fjordstrøk på Sunnmøre og med nokre lokalitetar på gunstige område i Romsdal og på Nordmøre.

Karakteristiske artar er skoggrønaks og sanikel, og ramslauk og myske er ofte dominerande i feltsjiktet. Skogfaks, skogstarr, skogsvingel og kjempesvingel har sitt tyngdepunkt i denne typen. Den skiljast frå gråor-almeskog ved at ikkje gråor-heggeskogsartar (C3) utgjer noko dominerande innslag i feltsjiktet.

### D5 Kusymre-almeskog (Primulo vulgaris-Ulmetum)

Frodig almeskog, ofte med busksjikt av hassel. Vi finn og utformingar yst mot kysten mest utan alm, der hasselkratt utgjer "tresjiktet". Ope og artsrikt feltsjikt, og rikt våraspekt med m.a. vårmarihand, jordnøtt og kusymre. Ramslauk dominerar i fuktige utformingar, medan tørre utformingar har mykje skogsvingel og storfrytle. Eføy kan og dominere einskilde lokalitetar heilt sør i fylket. Bergfaks og mellomtrollurt har tyngdepunkt i denne typen. I tillegg er omtrent alle artane frå alm-lindeskog (D4) vanlege.

Typen finst i sørhellingar, ofte på rasmark. I Møre og Romsdal er det denne typen som utgjer edellauvskogen i ytre fjordstrøk og langs kysten, og den har truleg si nordgrense i fylket (Averøy/Frei). Vi skiller typen mot dei andre edellauvskogane ved eit markant innslag av kystbundne artar, og fravær av gråor-heggeskogsartar (C3).

### D6 Gråor-almeskog (Alno-Ulmetum glabrae)

Skog av gråor og alm med innslag av selje og bjørk. Ofte busksjikt av hegg og noko rips. Artsrikt feltsjikt dominert av urter og høge bregner. Ikkje noko utprega våraspekt. Typen står på frisk og næringsrik jord i solrike hellinger, ofte rasmark. I Møre og Romsdal finn vi typen innerst i fjordbotnene og innover dalane, og den overtar for D4 i midtre fjordstrøk på Nordmøre og nordover mot Trøndelag.

Skillet mellom D4 alm-lindeskog og D6 Gråor-almeskog er flytande. Avgjerande er mengda av gråor-heggeskogsartar (C3) ein finn i den aktuelle lokaliteten. Gråor-almeskog kan populært sjåast som ein gråor-heggeskog med eit tresjikt dominert av alm, og med eit markant innslag av varmekjære og krevjande planteartar.

### D7 Svartor-askeskog (Eurhynchio-Fraxinetum)

Blandingsskog av gråor/svartor, ask og med innslag av andre lauvtrær. Artsrikt feltsjikt, med mange arter felles med gråor-heggeskog (C3) og gråor-almeskog (D6). Svært velutviklet våraspekt. Typen er vanligst i lier og rasmarker med sigevatn, og i bekkedaler. Vårkål, skogkarse, kystmaigull og jordnøtt er karakteristiske artar.

## **VERNEPLAN FOR EDELLAUVSKOG I MØRE OG ROMSDAL**

### **BAKGRUNN FOR VERNEPLANARBEIDET**

Arbeidet med vern av edellauvskogsområde vart starta av Statens Naturvernråd i 1972. I 1974 vart det gjort ei registrering av vel 50 lokalitetar i Møre og Romsdal (Korsmo 1975). På denne bakgrunnen vart det sett igang ei konkret planarbeid med sikte på vern gjennom kontakt med grunneigarane i mange av dei registrerte områda på Nordmøre på slutten av 1970-talet. Av kapasitetsmessige årsaker stogga arbeidet den gongen. Etter dette kom to grundige registreringar av varmekjære lauvskogar på Nordmøre (Holten 1978 og 1979) der 33 lokalitetar vart undersøkt.

Arbeidet med verneplanen starta opp igjen i 1987, da fylkesmannen på eige initiativ gjorde

registreringar av edellauvskog i Sunnmørsfjordane (Fylkesmannen i M&R 1988). Sommarane 1988 og 1989 gjorde fylkesmannenn ytterligare tilleggsregistreringar for å få eit så godt oversyn over aktuelle lokalitetar som råd. Dette feltarbeidet har i hovudsak vore utført av Odd-Arild Bugge og John Bjarne Jordal, men andre ved miljøvernavingdelinga har og gjeve bidrag.

Både under arbeidet på 1970-talet, og no har det vore kontakt mellom miljøvernstyresmaktene og dei regionale skogbruksstyresmaktene for å gi informasjon og få tilbakemelding på aktuelle lokalitetar.

Alle aktuelle edellauvskogsområde til denne verneplanen er i tillegg registrert på fylkesmannens naturatlasserie som er sendt kommunane til orientering.

## **MÅLSETTING OG METODER**

Målsettinga med verneplanarbeidet er å sikre eit representativt utval av dei typane av edellauvskog som er verneverdige i nasjonal eller regional samanheng. Dei fleste av lokalitetane ønsker ein å verne så urørt som råd, og å la dei utvikle seg naturleg. I mange lokalitetar er det imidlertid visse suksesjonssteg, som både kan vere naturlege og kulturbetinga, ein ønsker å verne. Dei siste krev spesielle skjøtselstiltak.

For å nå målsettinga, må dei verna områda vere så store at dei i rimeleg grad fungerer som sjølvstendige økosystem. Det fører med seg at enkelte område også omfattar andre naturtypar enn edellauvskog, der det er nødvendig for å få til ei funksjonell og rasjonell eining. Å berre verne små kjerneområde av dei aller mest typiske lokalitetane vil ikkje sikre målsettinga om mangfold og sjølbæreevne. I verneplanen er det særleg fire lokalitetar som peiker seg ut som store og mangfaldige lokalitetar. Eiksund-Almstrand og Sula Sørvestside er begge kystprega bratte lauvskogslir, medan Oppdølstranda har meir innlandsprega varmekjær flora, særleg i Sandvikdalen. Også Kalsetlia har kvalitetar som gjer det ønskeleg å vurdere vern av eit stort, samanhengande naturområde. I alle desse lokalitetane kan ein sikre samanhengande naturområde frå sjøen til snaufjellet mest utan inngrep, og med store mengder varmekjær og rik vegetasjon.

Ved utvelging av lokalitetar for vern, er flora og vegetasjonstyper nøkkelinformasjon. Alle lokalitetane med høg verneverdi er klassifisert til vegetasjonstype, og dei einsskilte verneobjekta er plukka ut innafor dei ulike typene.

Talet på lokalitetar er sett så høgt at vi kan vere rimeleg sikre på at variasjonsbredden på edellauvskog er dekt opp. Med eit slikt utval bør vi ha sikra leveområde også for dei fleste insekts- og småviltartane som er avhengige av edellauvskogsområde, selv om det i denne planen ikkje er gjort egne registreringar og vurderingar på dette feltet. Nye kunnskaper som kjem til kan føre til trong for utviding av verneplanen for å sikre slike verneverdiar.



## VURDERING AV VERNEVERDI - PRIORITERING

Ved ei samla vurdering av dei registrerte lokalitetane, kan verneverdien fastsetjast utifrå vitenskapelege og andre kriterier. Dei eigenskapene ein har lagt vekt på er:

1. Om skogtypen er sjeldan, det vil si at dei vegetasjonssamfunn som utgjer skogtypen har lita utbreiing nasjonalt, eller er i si yttergrense i regionen. Høgst prioritet gis til lokalitetar med fleire godt utvikla edellauvskogstypar, deretter lokalitetar med gode eike-, aske- eller svartorbestand. Alm-hasselskogstypane er relativt vanlege i fylket, og det er fleire alternativ å velge mellom.
2. Lokaliteten sin storleik i areal og dimensjonar, eit stort område med godt utvikla tresjikt er vurdert høgare enn eit mindre. Dette fordi store område til vanleg har større mangfald, og er meir stabilt i høve til ytre påverknad. Fleire lokalitetar er på meir enn 1000 dekar, og desse er høgt prioritert. Men vi har og lokalitetar med spesielle forekomstar, som t.d. eikeskog, på under 10 dekar som er rekna som svært verneverdige.
3. Skogbestanden sin struktur og utforming. Ein skog med typisk og godt utvikla vegetasjon, gjerne med storstamma tresjikt, er vurdert høgare enn bestand med glissen eller utypisk utforming. Storstamma, homogen og einsarta edellauvskog er ikkje vanleg i fylket. Dei fleste lokalitetane har preg av blandingslauvskog, og dei kystprega hasselkratta har ofte ikkje noko godt utvikla tresjikt i det heile.
4. Lokaliteten sin verdi som miljø for sjeldne artar, både planter og dyr. Der det er registrert spesielle sjeldne planter, dyr eller insekter, er verneverdien sett høgt. Som ein lede-tråd er det dei lokalitetane som har minst tre av karakterartane for de boreonemorale vegetasjonsregionen (jf. kap. 4.4) gitt høgaste karakter for dette kriteriet.
5. Graden av kulturpåverknad. Dette er eit tvetydig vurderingskriterium. Granplanting i eit bestand trekker verneverdien ned i alle tilfelle, då gran er rekna som eit framand og uønska treslag i edellauvskogsreservat. Lauvingstre, t.d. av alm, kan imidlertid i visse lokalitetar gi auka verneverdi dersom ein legg vekt på å sikre eit kulturhistorisk skogbilete. Høgaste verdi har dei lokalitetane som er urørte av granplanting og tekniske inngrep, medan tidlegare tiders bruk til lauving, ved og anna utnytting er vurdert spesielt for dei lokalitetane som er aktuelle.
6. Om det er mogleg å knyte edellauvskogsbestanden til andre verna eller verneverdige område. Der ein kan samle fleire verneområde med ulike verneformål, får einskildlokalitetane høgare verneverdi.

Mange andre kriterier for vurdering av verneverdi har vore nytta for å prioritere naturforekomstar i høve til kvarandere.

Kulturhistoriske verdiar kan nyttast t.d. i Eikesdalen for å sikre eksempel på den intensive utnyttinga av hasselskogen fram til 1950- åra.

Lokalitetane sin verdi for andre organismer, både insekt, fuglar og dyr, kan trekkast inn. Ved at ein sikrer eit godt utval av tilstrekkeleg storleik, kan ein tru at ein samstundes

sikrar vesentlege leveområde t.d. for insekt og småfuglar som er særskilt knytta til edellauvskogar. Men det er ikkje gjort særskilde vurderingar av dette i samband med denne verneplanen.

Det er heller ikkje særskild teke omsyn til områda sin verdi for forskning, undervisning og rekreasjon. Dette er vurderingskriterier som for ein stor del avhenger av tilgjenge og nærleik til busetnad. Nokre av lokalitetane ligg slik til at dei er godt eigna, medan andre er lite tilgjengelege. Nokre av lokalitetane er såkalla klassiske botaniske lokjalitetar som har vore nytta i forskings- og undervisningssamanheng på høgskulenivå i fleire ti-år.

Alle dei registrerte edellauvskogslokalitetane i Møre og Romsdal er vurdert utifrå desse 6 kriteriene, og gitt ein verneverdi:

1. Nasjonalt verneverdig 2. Regionalt verneverdig 3. Lokalt verneverdig

Dei fleste lokalitetane med verneverdi 1 er tekne med i verneplanutkastet. Det er nokre lokalitetar med prioritet 1 som det finst betre alternativ til i nærleiken, som t.d. i Geirangerfjorden og Eikesdalen. I tillegg er nokre lokalitetar med verdi 2 tekne med for å nå målsettinga med å sikre eit representativt utval av edellauvskogstypane.

Dei lokalitetane med verdi 2 som ikkje er foreslått verna, samt dei lokalt verneverdige lokalitetane, bør sikrast gjennom den kommunale arealplanlegginga.

## **GEOGRAFISK FORDELING AV EDELLAUVSKOGSLOKALITETANE**

### **VEGETASJONSREGIONAR**

Norge kan delast inn i regionar utifrå botaniske kriterier, hovudsakleg etter utbreiinga av planteartar og -samfunn. Fordelinga av vegetasjonen er i store trekk klimaavhengig. I nasjonal samanheng varierer vegetasjonen sterkt frå sør til nord, fra lågland til fjell, og frå vest til aust (kyst/innland). Dei ytste kyststroka er så forskjellige frå vegetasjonen elles, at det er skilt ut ein eigen kystseksjon. Dei øvrige vegetasjonsregionane avspeglar i hovudtrekk vegetasjonen sin krav til sommarvarme. For Boreo-Nemoral og Sør-Boreal region har og vegetasjonen krav til vintertemperaturen.

Kystseksjonen: Lynghei og myr, ofte med røsslyng, dominerar, sparsomt med skog. Omfattar ytre kyststrøk frå Sørlandet til Lofoten. Kystseksjonen syner stor likskap med lyngheiområda i dei andre Nordsjø-landa. Karakteristisk for kystseksjonen er høg vintertemperatur (lågaste månadsmiddel ligg over 0 grader). Hasselkratt, dels med alm eller eik, finst på gunstige lokalitetar. Kusymre-almeskog (D5) har si hovudutbreiing i kystseksjonen i Møre og Romsdal.

Boreo-Nemoral Region (Nordlig edellauv- og barskogssone): Regionen danner overgangen mellom eikeskogsregionen vi finner på Sørlandet, og Barskogsregionen som er arealmessig dominerende av skogsområdene i landet. Edellauvskog med eik, lind, ask, alm og hassel og undervegetasjon med varmekjære arter dominerer i solrike lier med godt jordsmonn. Bjørke- gråor eller barskoger dominerer resten av landskapet. På Vestlandet og nordover til Trøndelag finner vi regionen hovudsakleg som smale striper langs nordog

austsidene av fjordene. Dei aller fleste av dei mest verneverdige edellauvskoglokalitetane i fylket ligg i denne regionen.

Sør-Boreal Region (Sørlig barskogssone): Barskog dominerer, men med oreskog på store areal. På gunstige lokalitetar finst edellauvskogssamfunn med mange varmekrevjande artar. Nokre av edellauvskoglokalitetane med høg verneverdi ligg i denne regionen. Desse ligg hovudsakleg inne i dalføra.

Mellom-Boreal Region (Midtre barskogssone): Fattigare barskog og bakkemyrar er typisk. Velutvikla gråorskog rekk opp i denn regionen. Det er ikkje registrert edellauvskog i Mellom-Boreal.

Nord-Boreal Region (Fjellskogssone): Bjørkeskog og bakkemyrar dominerer. Omfattar fjellskogen opp mot den klimatiske skoggrensa.

Alpin Region (Fjellbeltet): Område over den klimatiske skoggrensa.

## **NATURGEOGRAFISKE REGIONAR**

Denne inndelinga vart framlagt av Nordisk Ministerråd i 1977. Norden er her inndelt i 60 ulike naturregionar, alle med sitt særpreg i natur og landskap. I Møre og Romsdal er seks av desse regionane representert. Det er to kystregionar (nord og sør), to fjordstrøkregionar (nord og sør) og ein fjellregion. Den sjette kjem såvidt innafør fylkesgrensa i Rindal kommune.

REGION 34: Bar- og fjellbjørkeskogsområdet nord for Dovre til Vestjemtland, 34a Skogen nord til Hattfjelldal i Nordland:

Vestspissen av denne regionen kjem så vidt innafør fylkesgrensa heilt i nordaust, i Rindal kommune. Ingen edellauvskoglokalitetar er registrert i denne regionen.

REGION 35: Fjellregionen, 35e Møretindene:

Størsteparten av denne underregionen ligg i Møre og Romsdal. Fjella er sterkt oppstykkja av dalar i forlenginga av fjordar. Fjellsidene er bratte, og toppområda er prega av utallege botnar med og utan brear.

Fjellvegetasjon dominerer, med innslag av bjørkeskog i dalane. Øvre del av Sunndalen ligg i denne regionen, og her er et fleire lokalitetar edellauvskog, med Gjørahaugen og Småvoll som dei beste.

REGION 37: Vestlandets lauv- og furuskogsregion, 37f Nordfjord og Sunnmøres fjordstrøk:

Den sørlege delen av underregionen omfattar stort sett Voldsfjorden, Hjørundfjorden og Storfjorden med omliggande fjordlier og dalar. Nord for Storfjorden ligg eit dal- og forfjellsområde før Romsdalsfjorden avgrensar regionen mot nord. Sjølve Romsdalen er og rekna med til denne regionen.

Blandingsskog dominerer vegetasjonen i denne regionen. Furu danner sammenhengende skogar langt ut mot kysten. I sørvendte fjordlier og i indre deler av fjordene er det store arealer med edellauvskog.

**REGION 38: Den vest-norske lyngheiregion: 38c Nordvestkysten:**

Den mest typiske landskapsforma er strandflata, ein brem av lågt terreng nedanfor bratte fjell. Lyngmark med innvandring av bjørk på tidlegare kulturmark dominerer vegetasjonen. Edellauvskog finst berre fragmentarisk utvekla som hasselkratt i sørhellinger. Regionen omfattar i hovudsak den sørlege delen av kystseksjonen i fylket.

**REGION 39: Møre og Trøndelags kystskogregion: 39a Møre- og Sør- Trøndelagstypen:**

Fjordane med omliggande fjell og åsparti utgjer størsteparten av denne underregionen. Sørlege og indre delar liknar på landskapsformene i region 37, med U-dalar og bratte fjordlier. Utover mot kysten, og nordover i fylket blir fjella lågare, og fjella får meir platåform. Furu- og bjørkeskog er dominerande. I sørhellinger og inne i lune fjordarmerer det temmeleg store alm-hassellier. Eika har si nordgrense på Tingvollhalvøya.

**REGION 40: Møre og Trøndelags kystregion:**

Ytst ligg fleire øyar med låglandskaraktar (Aukra og Smøla, samt dei flate landområda innafor Bud). Markert overgang til høgare fjell- og åsparti. Lyng- og myrvegetasjon dominerer, og relativt store areal har bjørke- og furuskog. I lune sørhellinger finst alm- og hasselskoger. Regionen omfattar i hovudsak den nordlege delen av kystseksjonen i fylket.

## **SAMLA VURDERING**

I dette verneplanutkastet er det foreslått verna 38 edellauvskogslokalitetar. For å kunne vurdere kor representativt dette utvalet er for naturvariasjonen i Møre og Romsdal, er lokalitetane vurdert utifrå både vegetasjonsregionar og naturgeografiske regionar.

Som venta ligg dei aller fleste lokalitetane i den boreo-nemorale vegetasjonsregionen, noko som er innlysande all tid denne regionen nettopp er karakterisert ved forekomsten av edellauvskog. Men nokre få lokalitetar har vi og i kystseksjonen og i den sør-boreale regionen. Slik er fordelinga tilfredsstillande i høve til vegetasjonsregionane.

Den same fordelinga finn vi også når det gjeld dei naturgeografiske regionane, som og i stor grad er avgrensa utifrå botaniske tilhøve. Dei aller fleste edellauvskogslokalitetane ligg i dei to fjordregionane, og nokre få ligg i de to kystregionane. Fordelinga nord-sør mellom regionane er rimeleg god, med ei lita overvekt i talet på lokalitetar i den sørlege fjordregionen.



## PRIORITERTE EDELLAUVSKOGSLOKALITETER

Lokalitet	Areal	Skogtype(r)	Prioritet
1 HAVÅG	7	D2 D1	2
2 EIKSUND-ALMSTRAND	6100	D5	1*
3 FANNENE	160	D?tc	2
4 LID	72	D7	2
5 BERKNES	82	D7 (D5)	1
6 LEKNES	525	D2 (D4)	1
7 GJEVENES-STRANDABØ	2500	D4	2
8 KVAMSEELVA-KOLSKJENESET	1100	D6 C3	2
9 SJØHOLT	425	D4 D7b	1
10 MULDALSLIA	750	D4 D6	1*
11 HYSKET-GRANDE	550	D4 D6 C3	1
12 NESPLASSEN	400	D4fe D7	1
13 SULESUND	290	D7b	1
14 SULA SØRVESTSIDE	2000	D5	1
15 ØVRE GRYTA	90	D5qr/D2	2
16 MYSKJEURDENE	80	D5	2
17 SLETTASVA	1300	D6	2
18 MJØLVA	200	D6fe	1
19 UNHJEM	600	D4	2
20 STAKKENG FONNA	725	D6	1-2
21 JUTNESET-ASALHAMMAREN	2075	D6	1
22 ØVRE VIKE	2175	D6	1-2
23 HAGSET-OPSTAD	230	D5 (D7)	1
24 EIKÅSEN	90	D5	2
25 RAUSANDBERGET	240	D5	1-2
26 BOKKSASPA	20	D2 D1	1*
27 EIKREM	750	D	2
28 KANSDAL-VULVIK	750	D4	1
29 KNUTSLIØYAN	150	C3 (D6)	2
30 OPPDØLSTRANDA-SANDVIKDALEN	3100	D6 D4	1*
31 SMÅVOLL	525	D6	2
32 OTTEM	1575	C3	2
33 KALSETLIA	2900	D6 (D4)	1*
34 BRØSKE	270	D4 (D6)	1*
35 ALMBERG-DALSEGG	215	D6	2
36 TODALEN	1000	D6	1-2

\* disse lokalitetene er særleg verdfulle også i internasjonal målestokk

# 1 HAVÅG Ulstein kommune

Kartreferanse M711: 1119 I LQ 380 065  
Areal i dekar: 7  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

## OMRÅDESKILDRING

Eikeskog i sørvestvendt berghammar mellom riksvegen og sjøen, like vest for ferjeleiet i Eiksund. Avgrensa av riksvegen i nord, som går i ei djup skjæring. Mot sør grenser lokaliteten mot sjøen, i aust mot krattskog og to hytter, og mot vest er det dyrka mark inntil skogen. Det er elles mykje eik i kulturlandskapet frå Havåg mot Eiksund.

## FAGLEG VURDERING

Sommareik er dominerande treslag, med innslag av bjørk, osp, søtkirsebær, hegg og hassel i tresjiktet. Mellomtype mellom fattig blåbærtype og rikare lågurtype. Frå artsutvalet kan nemnast kusymre, vivendel, kvitveis, liljekonvall, krattlodnegras, hengeaks, lundrapp, krattmjølke, jordnøtt og gulflatbelg.

## FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre restene av det største homogene eikebestandet i Møre og Romsdal. Vern av eik kan eventuelt tilleggssikrast gjennom artsfreding utanom den aktuelle lokaliteten.

## UTFØRTE INNGREP

Delar av lokaliteten vart øydelagd av vegskjeringa når riksvegen vart lagd om. I strandkanten ligg ei hytte, utan at den har påført skogen vesentleg skade.

## KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen kjende interessekonflikter.

## AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK / MERKNADER

Nokre granplanter bør fjernast.

## KJELDER:

Korsmo 1978, Bugge 1989

## 2 EIKSUND-ALMSTRAND Ulstein og Hareid kommunar

Kartreferanse M711: 1119 I LQ 407 084  
Areal i dekar: 6100  
Høgde over havet: 0-683  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Stor søraustvendt, bratt lauvskogsli som vender mot Vartdalsfjorden. Lia er av dei største urørte vi har i ytre delar av fylket. Skogen strekker seg frå sjøen og opp mot 400 meter, medan høgste toppane går godt over 600 meter. Ved kommunegrensa stikk Laupsneset ut, og gir eit markant skilje mellom to delområde. Den rikaste floraen finn ein i den sørlege delen, medan bjørka dominerer nord for neset. Også fjellområda over lia er botanisk interessante, godt utvikla og intakt heivegetasjon.

### FAGLEG VURDERING

Kystprega søraustvendt lauvskogsli med stor variasjon i skogtypar, og med eit stort mangfald av krevjande planteartar. Bjørk, hassel, gråor og rogn er dominerande treslag i sørdelen av lokaliteten, med markante innslag av alm og svartor. Eik er og registrert her, m.a. med eit mindre bestand på Laupsneset. Feltsjiktet er svært rikt og frodig med m.a. skoggrønaks, sanikel, skogstarr, myske, ramslauk, jordnøtt og kusymre i tildels svært store mengder. I tillegg kan nemnast kristtorn, vestlandsvikke, fuglereir og kvit skogfrue som sjeldne artar. Som nemnt er det noko fattigare frå Laupsneset til Alme, med bjørk som dominerande treslag, men det er betydelege innslag av varmekjær og rik vegetasjon også her. I tillegg til dei botaniske verneverdiane, er det og registrert ein svært stor tettleik småfugl og spettar, samt hekkande rovfugl i området. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ei av dei meste verdfulle lauvskogsliene i fylket. Uvanleg stort artsmangfald, ei rad sjeldne artar planter og fugl, samt at lia er stor og fri for tekniske inngrep, gjer at denne lokaliteten er vurdert å ha nasjonal/internasjonalt verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Med unntak av ein beskjeden kjerreveg/sti i delar av lia, er ho så godt som urørt.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER



Ingen kjende interessekonflikter.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK / MERKNADER

Ingen tiltak nødvendig.

### KJELDER

Marker 1977, Folkestad





### 3 FANNENE Volda kommune

Kartreferanse M711: 1119 II LP 451 801  
Areal i dekar: 160  
Høgde over havet: 30-400  
Gards- og bruksnummer:

#### OMRÅDESKILDRING

Austvendt lauvskogsli i nordenden av Bjørkedalsvatnet. Lia er sterkt prega av skredlaup og erosjonsrenner, og på ei av ryggene mellom desse står eit mindre bestand lindeskog. Lokaliteten ender mot eit rasoverbygg over riksvegen. Sør for lauvskogslia er det olivinstein, og der tar furu over som skogdannande treslag.

#### FAGLEG VURDERING

Den aktuelle ryggen mellom to erosjonsrenner har for det meste fattig vegetasjon, med bjørk som dominerande treslag, samt nokjo hegg. Flekkvis oppover er det frodigare parti med høgstauder, og også nokre små hasselkratt. Lind står i fleire mindre klynger med 1-7-8 stammer i kvar, ialt omlag 20 stammer. I tillegg er det registrert ask og alm i lokaliteten. Frå feltsjiktet kan nemnast myske, svarterteknapp, ormtelg, hengeaks, krattmjølke, kranskonvall, krattlodnegras, krossved og breiflangre.

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre den einaste registrerte lindeforekomsten av noko omfang i fylket, og samstundes er denne verdas nordlegaste. Einskildtre av lind er registrert nokre få andre stader i fylket nord til Aure, og i tillegg er det ein spesiell forekomst i Nordland. Lokaliteten har regional verdi som spesialområde.

#### UTFØRTE INNGREP

Ingen inngrep med unntak av rasoverbygget lia ender i.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

#### KJELDER

Folkestad, Bugge og Jordal 1988.

## 4 LID Volda kommune

Kartreferanse M711: 1119 II LQ  
Areal i dekar: 72  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Svakt sørhellende skogsområde ovafør busetnaden på Lid, like aust for Berkneset. Skogen er kransa av dyrka mark, skogsdrifter og gardsstun, og ber generelt preg av aktivitet, og tidlegare meir intens bruk.

### FAGLEG VURDERING

På ulike stadium etter tidlegare meir intensiv bruk, står det relativt godt utvikla svartorskog på eit terreng som i eventuelle tilsvarande lokalitetar i fylket er oppdyrka. I tillegg til svartora, er det eit markert innslag av gråor og hassel i tresjiktet, samt innslag av platanlønn. Feltsjiktet er dominert av gråor-heggeskogs-artar som bringebær, gauksyre, skogburkne, kvitveis, mjødukt og sumphaukeskjegg. I tillegg er det forekomstar av jordnøtt, heistarr og krattlodnegras. Lokaliteten mangler fleire interessante artar som finst i svartorskogen på Berknes. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Lokaliteten har regional verneverdi som spesialområde for ein uvanleg type svartorskog i god utvikling. Dersom ikkje denne lokaliteten vert prioritert verna etter naturvernlova, bør den sikrast gjennom kommuneplanarbeidet.

### UTFØRTE INNGREP

Det er utallege spor etter beite, slått, hogst og anna verksemd i lokaliteten, men dei er ikkje av irreversibel karakter. Nokre mindre flekkar med gran er planta. Dersom skogen får utvekla seg fritt, vil den over tid kunne bli svært verdfull som spesialområde.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det er truleg mange aktivitetar som kan tenkast sett i verk her, som t.d. dyrking, granplanting, utbygging osv.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Utover eventuell opprydding, er den beste skjøtselen truleg å la skogen få utvekla seg naturleg dei første åra.

### KJELDER:

Bugge og Jordal 1988

## 5 BERKNES Volda kommune

Kartreferanse M711: 1119 II LQ 415 038  
Areal i dekar: 82  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Nordvestvendt lauvskogsli på nordsida av Berkneset. Lia ligg frå vegen og opp mot Lidaveten. Lokaliteten er svært frisk, med sigevatn og oppkome som gir vatn sjøl i tørre periodar. Svartor er dominerande treslag, med innslag av ei rad andre. På flata mellom lia og vegen er det kraftig gjengroing av unge svartortre, og her vil det etter nokre år kunne bli ein fin tilvekst til skogen i lia.

### FAGLEG VURDERING

Dette er ein av dei best utvekla svartorskogane i fylket, med tett bestand av storvaksne tre. I tillegg er det ein del gråor, samt eit asketre. Skogtypen ligg plantesosiologisk mellom or-askeskog og kusymre-almeskog. Varmekjære artar; ormtelg, jordnøtt, kusymre og krattmjølke, i tillegg ei rad gråorskogsartar som kvitveis, krypsoleie, enghumbleblom, vendelrot, mjøduert, sumphaukeskjegg, trollurt, bringebær, turt, skogburkne, gauksyre, myrmaure og sløkje. Andre interessante artar er krattlodnegras, bekkekarse, grøftesoleie, gulsildre og stjernesildre. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein av dei best utvekla svartorskoglokalitetane i fylket. Denne skogtypen er relativt sjeldan i god utforming.

### UTFØRTE INNGREP

Ein brønn til vassuttak og andre mindre spor etter bruk, men ingen tekniske inngrep som vesentleg reduserer verneverdien.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen


### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen

### KJELDER:

Bugge og Jordal 1988







## 6 LEKNES Ørsta kommune

Kartreferanse M711: 1219 III LQ 728 001  
Areal i dekar: 525  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Stort åsdrag på Nordsida av Norangsfjorden, ut mot Hjørundfjorden. Sørvendt, tørr skogsli ovafor vegen til Leknes ferjekai. Markert innslag av eik og hassel, elles dominerer andre lauvtre som bjørk og osp, samt noko furu. Skogen er broten opp av steinurder, og dei rikare partia er oppdelte av skrinne parti med lyngmark.

### FAGLEG VURDERING

Lokaliteten er botanisk svært interessant, da ein her finn ein større lokalitet med eit konstant innslag av eik i nær urørt tilstand. I tillegg er det ei rad varmekjære artar i feltsjiktet, noko som manglar i dei andre eikelokalitetane i fylket. Alm er ikkje registrert i lokaliteten. Feltsjiktet har eit klart kystpreg. Delar av lokaliteten kan klassifiserast som lågurt-eikeskog. Varmekjære artar; skoggrønaks, myske, sanikel, skogfaks, kusymre, kratthumleblom, firblad, ramslauk, vårmarihand, samt jordnøtt, breiflangre, vanleg nattfiol, krattmjølke, trollurt, brunrot, fagerperikum og fuglereir. Mange av indikatorartane på rikare eikeskog er representert, som hengeaks, stormarimjelle, gullris, engkvein, liljekonvall, tågebær, markjordbær og skogfiol. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre den botanisk rikaste eikeskogslokaliteten i fylket. Floraen er fullt på høgde med mange av almeskogane i fylket.

### UTFØRTE INNGREP

Det går ei kraftline gjennom nerdelen av lia, der det og går ein veg. Noko gran er planta inntil lokaliteten. Det er tydeleg beitepreg i lia, der det m.a. går nokre geiter.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

ingen

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen

### KJELDER

Bugge og Jordal 1988, Bugge 1991

## 7 GJEVENES-STRANDABØ Ørsta og Sykkylven

Kartreferanse M711: 1219 IV LQ 670 155  
Areal i dekar: 2500  
Høgde over havet: 0-  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Vestvendt stor lauvskogsli ytst i Hjørundfjorden. Bjørk dominerer, men store innslag av hassel i buskjsjiktet, og fleire gode bestand med alm. Elles hengebjørk, osp og lerk, og det skal vere barlind i lokaliteten. Eit markert avgrensa gråorb Bestand på rasvifte. Det er ikkje veg fram til denne lokaliteten, men det går ei stor kraftline i nedkant av lia.

### FAGLEG VURDERING

Lokaliteten er eit godt døme på dei varmekjære, frodige fjordliene på Sunnmøre, ein skogtype det er vurdert fleire gode lokalitetar av i verneplanen. Plantesosiologisk ligg lokaliteten nær alm-lindeskog. Varmekjære artar; skoggrønaks, myske, sanikel, svarterteknapp, vivendel, ormetelg og krattmjølke. Elles er storfrytle og kranskonvall registrert. Barlind vart ikkje påvist, men ubekrefta meldingar tyder på at det skal vere barlind i lia. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Denne lokaliteten er ein av fleire rike fjordlier på Sunnmøre, og det finst alternativer til denne lokaliteten. I Hjørundfjorden er dette den beste lokaliteten av denne typen.

### UTFØRTE INNGREP

Stor kraftline i nedkant av lia mot sjøen. Elles urørt lokalitet.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen



### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen

### KJELDER

Bugge og Folkestad 1988







## 8 KVAMSEELVA-KOLSKJENESET Ørsta kommune

Kartreferanse M711: 1219 III LP 726 914  
Areal i dekar: 1100  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Søraustvendt lauvskogsli inst i Hjørundfjorden med store alm-hasselbestand. Elles er det mykje bjørk-hasselskog og i skredrenner står det gråorskog. Det er innslag av selje og rogn. Sør for denne lokaliteten, ved Finnes, står eit uvanleg stort og godt utvekla gråorbestand på omlag 200 dekar.

### FAGLEG VURDERING

Lokaliteten er botanisk interessant som ein fjordbotn-type av gråor-almeskog, plantesosiologisk nær gråor-almeskog. Varmekjære artar; storklokke, myske, skoggrønaks, kjempesvingel, krattfiol, tannrot, jordnøtt, krattmjølke, lundrapp. Eit stort innslag av gråorskogsartar som t.d. skogsvinerot, kratthumleblom, hundekveke, skogburkne, mjødurt, skogstjerneblom, sløkje og kvitveis. Elles burot, brunrot, gulflatbelg, skjorbuksurt, krossved, krattlodnegras og kransmynte. Gråorskogen sør for lokaliteten er frodig med m.a. rips, hegg, rogn, ormetelg og dei ovarfornemnte gråorskogsartane. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein godt utvikla lokalitet med varmekjær gråor-almeskog. Lokaliteten bør vurderast i samanheng med gråorskogen ved Finnes, og tilsaman har desse lokalitetane nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen

### KJELDER

Bugge og Folkestad 1988, Løfall 1989

## 9 SJØHOLT Ørskog kommune

Kartreferanse M711: 1219 I LQ 854 303  
Areal i dekar: 425  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Stor sørvendt lauvskogsli vest for Sjøholt sentrum. Nedre delen grenser mot dyrka mark og busetnad. Skogen er variert, der den veksler mellom alm-hasselskog, bjørkeskog, fururabbar, svartorskog og noko granplantingar.

### FAGLEG VURDERING

Skogslia er stor, med mange skogtypar, m.a. alm-lindeskog og or-askeskog. Hasselkratt med alm dekkjer store delar, men det er planta mykje gran i denne typen. Midt i lokaliteten stikk ein grunnlendt knaus fram, der det står furuskog. Aust for denne knausen, i eit bekkesig, står det godt utvekla svartorskog med innslag av ask. Elles er det innslag av platanlønn, hegg, bøk og kristtorn, dei to siste truleg forvilla. Varmekjære artar; skogstarr, skoggrønaks, myske, ramslauk, skogsvingel, kjempesvingel, ormtelg, geittelg, jordnøtt, vivandel, krattmjølke, junkerbregne, krattlodnegras. Frå svartorskogen er det registrert m.a. jordnøtt, mellomtrollurt og skogkarse.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Stor variasjon i skogtypar, og stort innslag av varmekjære artar, gjer denne lokaliteten til ein av dei høgst vurderte i vernesamanheng.

### UTFØRTE INNGREP

Delar av lia er tilplanta med gran, og såleis lite aktuelt å innlemme i verneområdet. I nedre del grenser lokaliteten til dyrka mark, og i austdelen er det nokre gjerder og ei kraftline.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Truleg konflikt med eventuell ny granplanting.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Granskogen som alt er planta må vurderast under endeleg arrondering av verneområdet.

### KJELDER

Bugge 1989

## 10 MULDALSLIA Norddal kommune

Kartreferanse M711: 1319 III MQ 186 030  
Areal i dekar: 750  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Vestvendt lauvskogsli mellom Muldalsfossen og Skjegghammaren. Alm dominerer i store delar av lia, medan det i nedre delar er eit markert innslag av gråor. På konvekse terrengformer dominerer hengebjørka, medan det ved Skjegghammaren og langs fossen står ein del furu.

### FAGLEG VURDERING

Denne lauvskogsli er svært artsrik, og med god utforming av almeskogen. Delar av lia har alm-lindeskogspreg, medan dei friaskare delane har gråor-almeskogsutforming. I tresjiktet står det i tillegg til alm, m.a. hassel, søtkirsebær, lind, ask, svartor og hegg. Varmekjære artar; junkerbregne, firblad, skoggrønaks, trollbær, vårkål, tannrot, krattfiol, kratthumleblom, sanikel, myske, storklokke, kjempesvingel (?), vårerteknapp, geittelg, fingerstarr, ormtelg, jordnøtt, kusymre, lundrapp, krattmjølke. 29 feltsjiktsartar tilhøyrande gråor-heggeskog er registrert, m.a. hengeaks, hundekveke, humle, stornesle, skogstjerneblom, tyrihjel, kvitveis, maigull, kranskonvall, turt, og strutseving. Ei rad andre interessante artar er og registrert i lokaliteten, som t.d. brunburkne, vanleg og grov nattfiol, brudespore, kvit skogfrue, krattlodnegras, lodnebregne, piggstarr, engtjæreblom, eittårsknavel, laukurt, skogkarse, tårnurt, skogkløver, lakrismjelt, vill-lin, lifiol, smørbukk, berberiss og småborre.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein av dei høgst prioriterte edellauvskogslokalitetane i fylket. Svært stort artsutval, 106 artar høgare plantar er registrert, auker verneverdien. Området ligg innafor det foreslåtte Tafjord landskapsvernområde, som ligg inntil den foreslåtte Reinheimen nasjonalpark.

### UTFØRTE INNGREP

Det går veg i nedkant av lia. I vestenden går en kjerreveg opp til Muldalen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER



Ingen

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen

### KJELDER

Skogen 1963 og 1978, Bugge og Jordal 1988



# 11 HYSKET-GRANDE Stranda kommune

Kartreferanse M711: 1219 II MP 041 895  
Areal i dekar: 550  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

## OMRÅDESKILDRING

Stor sørvendt edellauvskogsli vest for Møll innerst i Geirangerfjorden. Alm gråor og hengebjørk er dominerande treslag. I vestdelen dominerer hassel. Lokaliteten grenser i vest mot hamrar og stup, og ved stranda ligg ein gammel nedfallen plass der det tidlegare var dreven handelsverksemd. På sørsida av fjorden, og vidare utover til Sju Søstre er det og fleire lokalitetar med godt utvikla almeskog.

## FAGLEG VURDERING

Denne lokaliteten er av dei aller mest verneverdige edellauvskogslokalitetane i fylket. Skogen er storvaksen og vegetasjonstypene godt utvikla med både alm-lindeskog, gråor-almeskog og gråor-heggeskog. Feltsjiktet har stor bredde i artsutvalet. I tresjiktet finst m.a. alm, hassel, ask, søtkirsebær, gråor, hengebjørk og vanleg bjørk. Varmekjære artar; junkerbregne, skogfaks, skoggrønaks, ramslauk, tannrot, trollbær, vårkål, storklokke, sanikel, svarterteknapp, vårerteknapp, myske, fingerstarr, geittelg, ormtelg, vårmarihand, jordnøtt, lundrapp, krattmjølke. Delar av lokaliteten har gråor-heggeskogspreg med m.a. stornesle, skogsvinerot, kvitveis, nyresoleie, kranskonvall, hundekveke, skogburkne, myrmaure, mjødukt, kratthumleblom, skogstjerneblom og turt. Andre interessante artar; grov nattfiol, storfrytle, krattlodnegras, humle, svartstarr, piggstarr, hårstarr, loppestarr, eittårsknavel, engtjæreblom, fagerperikum, kvit skogfrue og brudespore.

## FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ei av dei best utvikla edellauvskogslie i fylket. Saman med Muldalslia i Tafjord, representerer denne lokaliteten det ypperste av varmekjær lauvskog i Sunnmørsfjordane. Området ligg og innafor foreslått landskapsvernområde.

## UTFØRTE INNGREP

Utanom rester etter tidlegare busetnad ved sjøen, og spor etter flittig bruk av stranda som utfartsområde, er det ingen vesentlege inngrep i lokaliteten.

## KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen

## AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen

## KJELDER

Skogen 1963 og 1986, Bugge 1989



## 12 NESPLASSEN Stordal kommune

Kartreferanse M711: 1219 I LQ 950 189  
Areal i dekar: 400  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sørvendt lauvskogsli i rasmark på nordsida av Stordalsbukta. I sentrale delar av lia er ask dominerande treslag. Mykje storvaksen osp, elles alm, bjørk, hassel og gråor. Det sentrale askebestandet er kranse av storsteina ur og nokre granplantefelt.

### FAGLEG VURDERING

Svært variert og artsrik lauvskogslokalitet på gneis. Frisk råme i rotsona og mykje nedbør legg grunnlaget for ein av dei frodigaste askeskogane i Vest-Norge. I tresjiktet finst ask, alm, hassel, gråor, osp, barlind, svartor, søtkirsebær, spisslønn, platanlønn og hegg. Varmekjære artar i feltsjiktet; firblad, kjempesvingel, skogfaks, skoggrønaks, trollbær, vårkål, kratthumleblom, svarterteknapp, sanikel, skogsvinerot, myske, storklokke, geittelg, ormtelg, fingerstarr, vårmarihand, jordnøtt, skogkarse, vivendel, lundrapp, skogvikke og krattmjølke. Markert innslag av gråor-heggeskogsartar som t.d. villrips, skogburkne, strutsevang, hengeaks, hundekveke, stornesle, skogstjerneblom, tyrihjel, kvitveis, nyresoleie, mjødukt, gauksyre, skogsvinerot og sumphaukskjegg. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein av dei aller best utvekla askeskogslokalitetane i fylket. Stor artsriksdom og andre varmekjære skogtypar innanfor lokaliteten auker verneverdien.

### UTFØRTE INNGREP

Nedre delen av lokaliteten grenser mot veg og busetnad. I ausdelen grenser lokaliteten mot granplantefelt, der det og er bygd skogsveg.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Muleg konflikt med skogsdrift/planting av gran.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Nokre granplanter bør vurderast fjerna.

### KJELDER

Skogen 1966 1972 1981, Korsmo 1975,

## 13 SULESUND Sula kommune

Kartreferanse M711: 1119 I LQ 535 218  
Areal i dekar: 290  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Bratt sørvendt svartorskog ovafor ferjeleiet på Sulesund. I aust grenser lokaliteten mot ein berghammar, og i nedkant mot veg. Vestover glir svartorskogen over i alm-hasselskog og open skredmark.

### FAGLEG VURDERING

Ein svært godt utvekla svartorskogslokalitet. Svartor er elles vanleg langs store delar av lia. Svartorbestandet er homogent, men elles står det alm, hassel, platanlønn, hegg, gråor og bjørk i lokaliteten. Varmekjære artar; kratthumleblom, skogsvinerot, sanikel, myske, kvitveis, vivendel, jordnøtt, kusymre, hengeaks. I tillegg kommer oreskogsartane som mellomtrollurt, kystmaigull, skogkarse, gauksyre, skogburkne, mjøduert, stornesle, raud jonsokblom, enghumleblom og sumphaukskjegg. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein kystprega, godt utvekla svartorskogslokalitet.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER



Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Bugge 1989



## 14 SULA SØRVESTSIDE Sula kommune

Kartreferanse M711: 1119 I LQ 494 243  
Areal i dekar: 2000  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sør- og vestvendt stor fjordli med varmekjær lauvskog vest for yste busetnaden på sørsida av Sulalandet. Bjørk dominerer tresjiktet, med store parti tett hasselkratt. Kusymre og storfrytle dominerer feltsjiktet i moldrike parti. Skogen grenser mot stup og fjellknausar i øverkant, og nedanfor skogen flatar terrenget ut mot sjøen. Her er det lyngmark og myrparti ned mot svaberga. Fleire store kløfter skjer seg inn frå sjøkanten.

### FAGLEG VURDERING

Sør- og vestsida av Sulalandet har store forekomstar av varmekjær lauvskog, jf. og svartorlokaliteten ved Sulesund. Ytre delen er fri for tekniske inngrep, har stor spennvidde i naturtypar, og kan stå som typeområde for dei rike kystlauvskogane i Møre og Romsdal. Bjørk dominerer i tresjiktet, med eit konstant innslag av hassel i busksjiktet. I øverkant av skogen står noko alm. Einskildeksemplar av svartor står det og i nedkant av lia. Varmekjære artar; myske, kratthumbleblom, ramslauk, sanikel, firblad, ormtelg, kusymre, mellomtrollurt, vivendel, jordnøtt, hengeaks. Innslaget av gråorskogsartar er moderat, med m.a. gauksyre, sløkje, skogkarse, mjødurt og skogstjerneblom. Andre interessante artar; krattlodnegras, kystmaigull, rosett-karse, fuglereir, grov nattfiol, vanlig nattfiol, trollurt og småborre. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit stort samanhengande og nær urørt kystskogsområde med edellauvskog. Lokaliteten er saman med Eiksund-Almstrand den høgst prioriterte av denne typen.

### UTFØRTE INNGREP

Det går ein lite synleg sti i nedkant av skogen, og det beiter nokre få geit i området.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen

### KJELDER

Bugge 1988 og 1990

## 15 ØVRE GRYTA Haram kommune

Kartreferanse M711: 1220 III LQ 655 369  
Areal i dekar: 90  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sørvendt bratt berg med eikeskog under Skoranakken på Grytastranda.

### FAGLEG VURDERING

Eik har si nordgrense i Møre og Romsdal, og denne lokaliteten er ein av dei best utforma eikeskogane. Hovudbestandet dekkjer omlag eitt dekar, medan det rundt står ein del eik som buskar i berget, særleg austover til bekken frå Torvsæterhaugane. Eik er elles temmeleg vanleg langs Grytastranda. Plantesosiologisk står denne lokaliteten mellom kusymre-almeskog og lågurt-eikeskog. I tresjiktet er hassel og svartor av interesse, og frå feltsjiktet kan nemnast myske, sanikel, svarterteknapp, vivendel, liljekonvall, hengeaks, krossved, kusymre og jordnøtt.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Denne lokaliteten er ikkje av dei høgst prioriterte eikelokalitetane i fylket, men bør likevel sikrast mot inngrep og hogst.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975, Jordal 1988





## 16 MYSKJEURDENE Haram kommune

Kartreferanse M711: 1220 III LQ 591 484  
Areal i dekar: 80  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Hasselkratt med noko furuskog i sørvestvendt bergstripe under Myskjafjellet, sør på Haramsøya.

### FAGLEG VURDERING

Hasselkratt er vanleg i sørberg på kysten i fylket, og denne lokaliteten har samanhengande vegetasjon av noko omfang. Plantesosiologisk er denne lokaliteten ein kusymre-almeskog. Feltsjiktet er typisk for varmekjære hasselkratt ved kysten, med m.a. sanikel, myske, jordnøtt, svarterteknapp, vivendel, kusymre, hengeaks, krattmjølke, lundrapp, skogburkne, vendelrot, gauksyre, krattlodnegras, englodnegras, hestehavre, fagerperikum og kvitveis.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Det er vanskeleg å finne eigna lokalitetar for vern av denne kystprega hasselkrattypen. Myskjeurdane bør sikrast mot inngrep, og lokaliteten kan vernast som naturreservat for å sikre eit døme på denne hasselkrattypen.

### UTFØRTE INNGREP

Det er planta noko gran i nedkanten av lokaliteten. I vest grenser området mot eit massetak.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Jordal 1988

## 17 SLETTASVA Rauma kommune

Kartreferanse M711: 1319 I MQ 503 168  
Areal i dekar: 1300  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Almeskog i sørvestvendt li nedanfor Verma i Romsdalen. Markert innslag av bjørk. Almeskogen er avgrensa av fjell i øverkant, og av E69 i nedkant. Steinblokker og skredfelte tre gjer lia vanskeleg framkommeleg.

### FAGLEG VURDERING

Stor lokalitet med almeskog av gråor-almeskogstypen som ligg uvanleg langt inne i landet. Tresjiktet er sparsomt utvekla og prega av snøskred. Hassel i busksjiktet, og innsalg av bjørk og hegg. Innergrense for nokre av dei breiblada skogsgrasa. Varmekjære artar; trollbær, storklokke, myske, kratthumbleblom, vårerteknapp, firblad, skogsvinerot, krattfiol, ormtelg, fingerstarr, jordnøtt, tysbast, krattmjølke, skogvikke, hengeaks og lundrapp. Stort innslag av gråorskogsartar t.d. som tyrihjelm, sløkje, skogburkne, mjødurt, gauksyre, kranskonvall, skogsvinerot, skogstjerneblom, stornesle og hundekveke. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein lokalitet av almeskog som ligg inne i landet. Lia ligg innafor det foreslåtte landskapsvernområdet i Romsdalen.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen. Lokaliteten grenser mot veg og dyrkamark i nedkant.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975

## 18 MJØLVA Rauma kommune

Kartreferanse M711: 1320 II MQ 347 356  
Areal i dekar: 200  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Meget frisk askeskog i nordvestvendt lite dalsøkk på nordsida av Romsdalen, sør for Åndalsnes. Askeskogen står på ei grusvifte. Lokaliteten grenser mot granplantefelt i vest, og elles mot fjell og ur.

### FAGLEG VURDERING

Feltsjiktets samansetting klassifiserar denne lokaliteten til ein gråor-almeskog med dominans av ask. Karakteristiske artar for or-askeskog er med unnatak for gullstjerne ikkje påvist. Ask dominerer i tresjiktet, og er oppblanda med gråor, bjørk, selje og alm. Også hassel når opp i tresjiktet. Innslag av platanlønn og søtkirsebær. Busksjiktet er godt utvekla der steinsprang og skred held trea nede. Varmekjære artar; kratthumleblom, firblad, skogsvinerot, trollbær, skoggrønaks, skogsvingel, myske, vårerteknapp, krattfiol, gullstjerne, ormtelg, geittelg, krattmjølke, lundrapp, hengeaks. Markert innslag av gråor-heggeskogsartar som t.d. sløkje, skogburkne, mjødurt, skogsvinerot, skogstjerneblom, stornesle, hundekveke, tyrihjel, kvitveis, turt, lerkespore, sumphaukskjegg.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein av dei nordlegaste askeskogslokalitetane på Vestlandet. Saman med rikt artsutval og små inngrep gjer dette at lokaliteten har nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.



### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975, Holten 1984







## 19 UNHJEM Rauma kommune

Kartreferanse M711: 1320 II MQ 429 397  
Areal i dekar: 600  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sørvendt bratt lauvskogsli i Grøvdalen, aust for Hen i Isfjorden. Hassel dominerer tresjiktet i nedre delen av lia, og med rikeleg innslag av osp og dels alm. Øvre delar av lia har mest bjørk og osp, mned eit markert innslag av furu. Delar av lia har storsteina ur. I nedre delen grenser skogen mot dyrka mark og veg.

### FAGLEG VURDERING

Varmekjær hasselskog av alm-lindeskogstypen. Hassel, osp og dels alm dominerer tresjiktet, med innslag av m.a. ask, gråor, bjørk og hegg. Kalkfjell i grunnen. Varmekjære artar; skogsvingel, skogfaks, skoggrønaks, sanikel, myske, skogstarr og fingerstarr. I tillegg er ei rekkje floristisk interessante artar registrert. Særleg viktig er ein stor forekomst av kvit skogfrue, men og trollhegg, taggbregne, breiflangre og brudespore. Hasselforekomstane er i stor grad samla i eit band nede ved lifoten.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein varmekjær og artsrik edellauvskogslokalitet, der særleg forekomsten av kvit skogfrue er verdfull.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Marker 1977

## 20 STAKKENG FONNA Neset kommune

Kartreferanse M711: 1419 IV MQ 629 248  
Areal i dekar: 725  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Almeskog på sørvestvendt grusvifte innafor Litlevatnet i Eikesdal. Bestandet er avgrensa av fjell, ur og lauvskog, og mot elva i sør.

### FAGLEG VURDERING

Gråor-almeskogstype med alm som dominerande treslag, og med innslag av hassel og osp og noko bjørk. Sparsomt busksjikt med hegg, frodig feltsjikt. Varmekjære artar; trollbær, storklokke, myske, kratthumleblom, firblad, skogsvinerot, krattfiol, skogfaks, skogsvingel, ormtelg, krattmjølke, skogvikke, hengeaks og lundrapp. Gråorskogsartar; tyrihjel, kvitveis, sløkje, hundekjeks, skogburkne, mjødukt, gauksyre, kranskonvall, nyresoleie, skogstjerneblom, stornesle og hundekveke. Lokaliteten er ein av dei mest verdfulle edellauvskoglokalitetane i Eikesdal.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Lokaliteten sin verneverdi er vurdert etter Jutneset-Asalhammaren men er av stor botanisk interesse.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1974



## 21 JUTNESET-ASALHAMMAREN Nesset kommune

Kartreferanse M711: 1320 II MQ 559 308  
Areal i dekar: 2075  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Almeskog og hasselkratt på austsida av Eikesdalsvatnet, nord for Mardalen.

### FAGLEG VURDERING

Gråor-almeskogstype med innslag av bjørk og hassel i tresjiktet. Hegg og rogn i busksjiktet. Svært frodig feltsjikt der gråorskogsartar dominerer. Varmekjære artar; trollbær, storklokke, myske, kratthumleblom, vårerteknapp, firblad, sanikel, skogsvinerot, skogfaks, skogsvingel, kvitveis, ormtelg, geittelg, fingerstarr, krattmjølke, skogvikke, hengeaks og lundrapp. Gråorskogsartar; tyrihjelm, sløkje, skogburkne, engsnelle, mjødukt, enghumleblom, strutseveng, gauksyre, kranskonvall, bringebær, skogstjerneblom, stornesle og hundekveke.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre den best utvekla varmekjære almeskogen i Eikesdal. Eikesdalen er et kjerneområde for varmekjær lauvskog, og saman med den store hassellokaliteten på Øvre Vike, er denne lokaliteten av størst verdi.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.



### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975







## 22 ØVRE VIKE Nesset kommune

Kartreferanse M711: 1320 II MQ 583 357  
Areal i dekar: 2175  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Stor homogen vestvendt lauvskogsli ved Eikesdalsvatnet, sør for Furneset. Hengebjørk dominerer i tresjiktet, med innslag av alm og osp. Stort innslag av hassel og hasselkratt. Tidledare var hasselen i Eikesdalen utnytta gjennom nøttesanking og tønnebandproduksjon. Etter at aktiviteten i skogen sank, bærer hasselen mindre nøtter, og den tidlegare kulturskogen er i forfall.

### FAGLEG VURDERING

Svært stor varmekjær lauvskogsli, rekna som ein av Nord-Europas største hasselskogar. Saman med hassel dominerer hengebjørk, med innslag av alm og osp. På friske parti dominerer gråor. Feltsjiktet er glissent og prega av beiting. Sparsomt innslag av varemekjære artar; myske, sanikel, vårerteknapp, kratthumleblom, skogsvinerot, ormtelg, hengeaks. Gråorskogsartar; gauksyre, enghumleblom, stornesle, bringebær, kvitveis, tyrihjel, mjødukt, skogstjerneblom, sløkje og skogburkne. Andre artar; taggbregne, krattlodnegras, skogkarse. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein av Nord-Europas største hasselskogslokalitetar. Etter at vegen vart bygd, er det sett igang mange ulike utbyggingsprosjekt i nedkanten av lia. Dette, saman med at vernevediane er så sterkt knytte til den bruken av området ein tidlegare hadde, gjer at ein finn det lite eigna å foreslå vern som naturreservat. Det viktigaste i dette området er å hindre vidare granplanting, samt å få til ordningar med skjøtsel slik at delar av dei rike hasselkratta kan haldast i hevd. Ei framtidig sikring av området bør derfor avklarast i samråd med grunneigarane, bygdelaget, lokale styresmakter og landbruksstyresmaktene.

### UTFØRTE INNGREP

Det er bygd ny veg langs vatnet, og med utgangspunkt i denne fleire skogsvegar, campingplass m.m. Hasselen har tidlegare vore utnytta. Ved Øvre Vike er det ein gard, og nokre små granfelt.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det er planlagt hyttebygging ved Øvre Vike.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Det kan vere interessant å restaurere delar av den gamle kulturhasselskogen.

### KJELDER

Marker 1977, Løfall 1989

## 23 HAGSET-OPSTAD Midsund kommune

Kartreferanse M711: 1220 II LQ 890 534  
Areal i dekar: 230  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sørvendt lauvskogsli på sørsida av Otterøya. Svært variert lokalitet med svartorskog, hasselkratt og barlind. Svartorb Bestandet har tyngdepunkt langs bekkedalen vest i lokaliteten. Barlind står spreidd i små klynger fleire stader, men ser ut til å være knytta til hasselkratta. Flekkvis er det fattigare parti med bjørk, og innslag av gråor, osp og furu. Lokaliteten grenser til hogst og vegbygging i vest, mot veg i nedkant, og mot skinnare mark og knausar i aust.

### FAGLEG VURDERING

Botanisk svært interessant lokalitet. Hasselskogen har tydeleg kystpreg, ein av dei nordlegaste lokalitetane av kusymre-almeskogstypen. Svartorb Bestandet og det store innslaget av barlind på norgrensa av si utbreiing gir denne lokaliteten høg prioritet. Stort innslag av krevjande og varmekjære artar i feltsjiktet; myske, skoggrønaks, kratthumleblom, ramslauk, sanikel, vårkål, skogfredlaus, ormtelg, fingerstarr, kvitveis, kusymre, jordnøtt, vivendel, krattmjølke, lundrapp og hengeaks. Svartorskogen og parti med gråorskog har innslag av alm og hassel, og frodisg feltsjikt med m.a. ramslauk, vårkål, kusymre, myrmaure, skogburkne, sløkje, bringebær, krypsoleie, gauksyre, hundekveke, turt, sumphaukskjegg, enghumleblom, skogsvinerot, mjødukt. Andre interessante artar; svartknoppurt i vegkant, krattlodnegras, ryllsiv, brunrot, krossved, grov nattfiol, fagerperikum.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein uvanleg variert og artsrik edellauvskogslokalitet med kystpreg. Denne lokaliteten har høgst verneverdi i ytre Romsdal.

### UTFØRTE TILTAK

Vest for lokaliteten er det bygd skogsveg (vassverk?) og noko gran er planta. Ved vegen er det hogst i eit furuholt.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1976, Bugge og Jordal 1988, Bugge 1990

## 24 EIKÅSEN Averøy kommune

Kartreferanse M711: 1321 III MQ 228 866  
Areal i dekar: 90  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Rik alm- og hasselskog i sørvestvendt bratt li like sør for Kårvåg. Skogen dekkjer heile lia, frå dyrkamarka under, til toppane på åsen som strekkjer seg opp til omlag 140 meter. Store delar av lia er planta til med gran, slik at den intakte delen er noko oppstykkja og redusert.

### FAGLEG VURDERING

Dette er av dei ytste edellauvskogslokalitetane i fylket med skikkeleg tresetting, ei typisk utforming av kusymre-almeskog. I tillegg er artsutvalet svært rikt, med ei rad varmekjære artar; skogstarr, skogfaks, ramslauk, sanikel, skoggrønaks, svarterteknapp, vårerteknapp, myske, fingerstarr, kusymre, vårmarihand og krattlodnegras. På tørre, varme berg er det svært rik og interessant oseanisk moseflora.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein sær sars rikk edellauvskogslokalitet med typisk kystutforming. Denne lokaliteten er den nordlegaste av dei svært verneverdige kystalmeskogane i fylket, saman med den andre høgt prioriterte lokaliteten i Averøy, Rausandberget. Plantesosiologisk står denne lokaliteten nær Kvalshaug på sørsida av Averøy. Kvalshaug hadde og høg verneverdi, men er så tilplanta med gran at den ikkje er egna til vern.

### UTFØRTE INNGREP

Lia er sterkt prega av granplanting.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det kan vere aktuelt/muleg å plante til meir av lia med gran.




### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Denne lokaliteten er svært verdfull som edellauvskogsområde, og tilhøvet til dei eksisterande granplantefelta må vurderast ved ei eventuell framtidig skjøtelsesplan.

### KJELDER

Holten 1979.





## 25 RAUSANDBERGET Averøy kommune

Kartreferanse M711: 1321 III MQ 327 934  
Areal i dekar: 240  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sørhelling mot fjorden ved Kristvik med rike urskogsprega hasselkratt. Storsteina ur deler opp tresjiktet. Oppe på steinblokkene er det lyng og einer, medan det i nedre delar er oppkomme av vatn og svært frodig. På toppen av berget nord for for hassellokaliteten, er det eit verneverdig typeområde for lyngheivegetasjon.

### FAGLEG VURDERING

Artsrik hasselskog av kusymre-almeskogstypen. Stor forekomst av den sjeldne orkideen kvit skogfrue gjer denne lokaliteten særst verdfull. Ellers er det registrert varmekjære artar som sanikel, svart erteknapp, skoggrønaks, skogfaks, myske, ormtelg, vivendel, kusymre og breiflangre.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein rik hassellokalitet med ein av fylkets største forekomstar av kvit skogfrue.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Holten 1978.

## 26 BOKKSASPA Tingvoll kommune

Kartreferanse M711: 1320 I MQ 467 861  
Areal i dekar: 20  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Mindre parti med eikeskog i jordbrukslandskap på sørsida av Aspøya. Eikeskogen er oppblanda med osp og noko rogn, samt hassel, furu, bjørk og hegg. Eikeholtet grenser mot kjerreveg og dyrka mark i nord, og elles mot lauvskog og beitemark.

### FAGLEG VURDERING

Lokaliteten er verdens nordlegaste eikeskog av noko storleik, og har stor vitenskapeleg interesse. Feltsjiktet har lågurtpreg, med m.a. myske, kratthumleblom, sanikel, kusymre, ormtelg, markjordbær, liljekonvall, krattlodnegras, hengeaks, lundrapp og skogfiol. I friske parti er det markant innslag av gråor-heggeskogsartar.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein svært verdfull eikeskogslokalitet.

### UTFØRTE INNGREP

Det er eit gjennomgåande kulturpreg i heile lokaliteten, etter beiting og anna bruk. Det er og nyleg bygd ei lokal kraftline gjennom skogen, og det ligg to hytter like inntil. Det er planta noko gran i og innvil lokaliteten.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Det må takast opp med grunneigar korleis området best bør vernast/brukast slik at ein sikrer denne unike eikelokaliteten.

### KJELDER

Korsmo 1975

## 27 EIKREM Tingvoll kommune

Kartreferanse M711: 1321 II MQ 497 864  
Areal i dekar: 750  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Eik som enkelttre eller mindre bestand i eit jordbrukslandskap på Eikrem på vestsida av Tingvollhalvøya. Saman med eika står det mest bjørk, hassel, furu og osp.

### FAGLEG VURDERING

Botanisk interessant lokalitet med eik på nordgrensa av si naturlege utbreiing. Det er god forekomst av eiketre i over eit større område, men skikkelege bestand som ein har på Aspøya (Bokksaspa) finn ein ikkje. Feltsjiktet har preg av grasmark, og har eit sparsomt innslag av lågurter.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Denne eikeforekomsten eignar seg ikkje til vern som naturreservat. Det er likevel av stor interesse å sikre eikeskogen gjennom skjøtsel og spesielle tiltak i kommuneplanssamanheng, eventuelt kan landskapsvernområde vere eigna verneform.

### UTFØRTE INNGREP

Området med eik er sterkt oppsplitta av gardstun, dyrka mark og vegar.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER


Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Det bør vurderast om det er trong for skjøtselstiltak for å sikre forynging av eika.

### KJELDER

Korsmo 1975





## 28 KANSDAL-VULVIK Tingvoll kommune

Kartreferanse M711: 1320 I MQ 536 826  
Areal i dekar: 750  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sørvestvendt lauvskogsli mot Tingvollfjorden, nord for Gyl. I lia er det fleire mindre forekomstar av edellauvskog, oppstykkja av nakent fjell og fattigare skogsparti. Lokaliteten grenser i nedkant mot veg, dels går vegen gjennom tunnell.

### FAGLEG VURDERING

Alm-hasselskog av alm-lindeskogstypen med eit av fylkets største utval av varmekjære artar. I tresjiktet er det innslag av hegg, bjørk, osp, gråor, svartor, ask og platanlønn. Dette er ein "klassisk" botanisk lojkalitet som har vore flittig nytta i undervisninga på høgskolenivå. Frå den rikholdige artslista kan nemnast; ramslauk, trollbær, myske, skogfaks, kjempesvingel, skoggrønaks, sanikel, vårerteknapp, svarterteknapp, storklokke, skogsvingel, krattfiol, lundkarse, vårmarihand, kvit skogfrue, fuglereir, breiflangre. Vinterbeiteområde for hjort.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein av dei mest artsrike edellauvskogslokalitetane i fylket. Lokaliteten sin lange historie som botanisk ekskursjonslokalitet auker verneverdien.

### UTFØRTE INNGREP

Det er planta nokre granfelt i området.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975, Marker 1977

## 29 KNUTSLIØYAN Sunndal kommune

Kartreferanse M711: 1420 II MQ 874 461  
Areal i dekar: 150  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Gråorskog og almeskog i ein sørvestvendt terrasse ned mot Driva, like ovafor Grøa. Lokalteten grenser mot kraflina i nord, og elles mot beitemark og elva.

### FAGLEG VURDERING

Svært godt utvekla gråor-heggeskog med uvanleg homogen utforming. Markant innslag av alm, men berre få varmekjære artar i feltsjiktet; trollbær, storklokke, myske, kratthumleblom, sanikel, ormtelg, krattmjølke, hengeaks og lundrapp. Stort utval av gråor-heggeskogsartar med m.a. rips, tyrihjel, sløkje, skogburkne, maigull, sumphaukskjegg, mjødurt, enghumleblom, springfrø, strutsevang, firblad, skogsvinerot, skogstjerneblom, stornesle, trollurt, vendelrot og hundekveke. Lokalteten er liten i areal, men har likevel eit tett bestand med holerugande fugl.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein godt og typisk utvekla gråor-heggeskogslokalitet med innsalg av alm, og slik og sikre eit viktig leveområde for hulerugande fugl.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILFAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975

## 30 OPPDØLSTRANDA-SANDVIKDALEN Sunndal

Kartreferanse M711: 1420 III MQ 775 536  
Areal i dekar: 3100  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Stor vestevendt fjordli innerst i Sunndalsfjorden med alm-hasselskog, oppbroten av berghamrar. Med i lokaliteten er og almeskog i dei nedre delane av Sandvikdalen.

### FAGLEG VURDERING

Edellauvskogsbestandane i lia langs fjorden er av alm-lindeskogstypen, medan almeskogen i nedre delen av Sandvikdalen har større innsalg av gråorskogsartar, og klassifiserast slik som gråor-almeskog. Varmekjære artar langs fjorden; skoggrønaks, kjempesvingel, skogfaks, myske, svarterteknapp, vårerteknapp, krattfiol, skogsvingel, fingerstarr, vårmarihand, lundrapp. Kusymre vart og registrert i 1979, den innerste lokaliteten i fylket. Kusymre veks truleg ikkje innafor dei foreslåtte grensene. I Sandvikdalen er dei varmekjære artane noko færre, med skogfaks og kjempesvingel som dei mest eksotiske. Sandvikdalen har derimot eit breitt utval av gråorskogsartar, som t.d. mjødur, skogsvinerot, stornesle, kratthumleblom, skogstjerneblom, sløkje, storklokke, tyrihjel, kranskonvall, turt, strutseveng og firblad. Av andre interessante artar som er registrert i denne lokaliteten kan nemnast; engtjæreblom, kantkonvall, raudkjeks, kransmynte, breiflangre, humle, lodneperikum, gulflatbelg, krossved, vanleg nattfiol, lifiol, og skogkarse.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit stort, samanhengande edellauvskogsområde med rikt artsutval og stor variasjon.

### UTFØRTE INNGREP

Det går ei stor kraftline i Sandvikdalen. Langs sjøen går riksvegen, dels gjennom tunellar.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.



### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975, Holten 1979, Jordal 1988







## 31 SMÅVOLL Sunndal kommune

Kartreferanse M711: 1420 II NQ 069 385  
Areal i dekar: 525  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Almeskog og tørrbakkevegetasjon på kalkgrunn øverst i Sunndalen inntil fylkesgrensa. Aust i lokaliteten ligg eit kjerneområde med almeskog på omlag 110 dekar. Elles er dei tresatte delane av lokaliteten prega av bjørk, hassel, gråor, rogn og noko hegg.

### FAGLEG VURDERING

Almeskogen er av gråor-almeskogstypen, og har størst interesse p.g.a av innslaget av tørrbakkeartar og nokre kontinentale artar. Varmekjære artar; trollbær, storklokke, myske, krattfiol, firblad, skogsvinerot, kratthumleblom, vårerteknapp, skogvikke og lodneperikum. Andre interessante artar; skogflatbelg, humle, kung, kransmynte, mørk kongsllys, filtkongsllys, tårnurt, krattslirekne og hestehavre. Viktig område for sjeldne insekter.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Lokaliteten er floristisk svært interessant, og bør sikrast ved vern etter naturvernlova.

### UTFØRTE INNGREP

Det er planta litt gran i området, og lokaliteten grensar til veg i nedkant.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.


### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975, Marker 1977.







## 32 OTTEM Sunndal kommune

Kartreferanse M711: 1420 II NQ 016 398  
Areal i dekar: 1575  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Stor sørvestvendt og relativt slakt hellande raskjegle med gråorskog mellom gardane Øvre og Ytre Ottem. Mot nordvest, under Hesthamran, står eit homogent og artsrikt almebestand.

### FAGLEG VURDERING

Gråorbestandet på raskjegla er truleg det største på Nordmøre. Feltsjiktet er dominert av høgstauder, med tyrihjelms og storbregnens skogburkne og strutseving som mest framtrедande artar. I På våraspektet dominerer vanlig lerkespore, maigull, fjellfiol og kvitveis. Almeskogen under Hesthamran er relativt homogen, med noe innslag av bjørk, gråor, hegg, humle og rogn i tre- og busksjiktet. Feltsjiktet er dominert av høgstauder som stornesle, skogsvinerot, tyrihjelms, storklokke og mjødurt. Interessante artar; trollbær, ormtelg, lundrapp, myske, kratthumleblom, krattfiol, småborre, trollurt, piggstarr, og skogfaks som her har si innergrense på Nordvestlandet.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein av dei største og best utforma høgstaude-gråorskogane i fylket. Saman med almeforekomsten har denne lokaliteten stor naturfagleg verdi.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975, Holten 1979

## 33 KALSETLIA Surnadal kommune

Kartreferanse M711: 1421 III MQ 635 884  
Areal i dekar: 2900  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sørvestvendt li med alm og gråor, og innslag av hassel og hegg, ytterst i Bøfjorden. Eit kjerneområde ligg mellom Kalsetelva og Rørbekken, men også utover fjorden mot Kvalnesvik i Halså står det mykje rik skog med hassel og alm.

### FAGLEG VURDERING

Stor samanhengande fjordli med varmekjær lauvskog. Denne lokaliteten er ein av få mulege stader der ein kan sikre eit samanhengande naturområde med rik vegetasjon frå fjord til fjell på Nordmøre. Svært artsrik gråor-almeskog, med mange av artane frå alm-lindeskogstypen. Inne i gråorskogen står det gamle lauva almetre på fleire kubikkmeter. Varmekjære artar; trollbær, ramslauk, myske, svarterteknapp, vårerteknapp, firblad, junkerbregne, falkbregne, sanikel, skoggrønaks, skogfaks, kjempesvingel, skogstarr, lundkarse, geittelg, ormtelg, fingerstarr, vårmarihand, lundrapp. Andre interessante artar; trollurt, laukurt, brudespore, breiflangre, fuglereir, stortveblad, skogkarse, taggbregne, brunrot, kransmynte, grov og vanleg nattfiol. Ialt er det registrert 25 karakterartar for gråor-heggeskog, m.a.; tyrihjelmskive, kvitveis, storklokke, sumphaukeskjegg, kratthumleblom, humle, firblad, skogsvinerot, skogstjerneblom, hengeaks og hundekveke.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit samanhengande fjordlandskap frå sjø til fjell med ein av dei mest artsrike alm-hasselskogslokalitetane i fylket. Feltsjiktet har stort innslag både av alm-lindeskogsartar og av gråor-almeskogsartar, og har slik vitenskapeleg interesse for å vurdere utbreiinga av dei to almeskogstypene.

### UTFØRTE INNGREP

Litt granplanting. Det går ein god gangsti frå Kalset til Kvalnesvika.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975, Marker 1977, Moen 1969, Bugge 1991

## 34 BRØSKE Surnadal kommune

Kartreferanse M711: 1420 IV MQ718 785  
Areal i dekar: 270  
Høgde over havet: 5-250  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Alm-hasselskog i ein terrasseliknande sørvestvendt li nord for Stangvik. Hassel er dominerande treslag, med mindre almebestand og innslag av selje, gråor og bjørk. Næringsrik berggrunn legg grunnlaget for ein uvanleg rik flora. I nord grenser lokaliteten til planta granskog, og i nedkant mot ein veg.

### FAGLEG VURDERING

Svært artsrik og varmekrevjande edellauvskog av alm-lindeskogstypen. I tillegg til alm og hassel, er det innslag av ask, svartor, hegg og gråor. Mange av dei eksklusive edellauvskogsartane er i denne lokaliteten på eller ved sin nordgrense, som kjempesvingel, skogstarr, ramslauk, skoggrønaks og skogfaks. Andre varmekjære artar; trollbær, myske, svarterteknapp, vårerteknapp, sanikel, slakkstarr, krattfiol, skogsvingel, fingerstarr, vårmarihand og lundrapp. Andre interessante artar; hagtorn, akeleie, småborre, breiflangre, knollerteknapp, sølvasal, laukurt, vill-lauk, hengepiggrø, samt ei rekkje gråor-heggeskogsartar.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre den nordaustlegaste lokaliteten i fylket av denne svært varmekrevjande vegetasjonstypen. Ei rad krevjande og sjeldne artar auker verneverdien.

### UTFØRTE INNGREP

Det er planta noko gran inntil og i lokaliteten, og i nedkant grenser lokaliteten mot ein veg og ei lokal kraftline. Det er bygd nokre hytter i nedkant av lokaliteten.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Ved eventuell gjennomføring av vern, må granplantingane takast opp til vurdering.

### KJELDER

Korsmo 1975, Holten 1975, Marker 1977.

## 35 ALMBERG-DALSEGG Surnadal og Rindal kommunar

Kartreferanse M711: 1421 II NQ 056 904  
Areal i dekar: 215  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Edellaavskogsli i søraustvendt li på kommunegrensa mellom Surnadal og Rindal. Lokaliteten grenser i nedkant mot veg, og elles mot granfelt, bjørkeskog og beitemark. Aust i lokaliteten kjem elva Svorka med utlaupet i Surna, og i denne delen er almhasselskogen best utvekla. I resten av lia dominerer hassel med eit konstant innslag av alm, gråor og andre lauvtre som osp, hegg og bjørk.

### FAGLEG VURDERING

Gråor-heggeskogsartar dominerer i feltsjiktet, medan innslaget av varmekjære artar er relativt sparsomt. Typisk utforming av gråor-almeskog. varmekjære artar; trollbær, junkerbregne, krattfiol, vårearteknapp, myske, fingerstarr, ormtelg, lodneperikum og lundrapp. Gråor-heggeskogsartar; tyrihjelmskive, kvitveis, storklokke, kratthumleblom, firblad, skogsvinerot, sløkje, skogburkne, sumphaukeskjegg, mjødurt, humle, strutseveng, gauksyre, skogstjerneblom, stornesle, hundekveke og springfrø.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein typisk lokalitet med gråor-almeskog i indre strøk av fylket.

### UTFØRTE INNGREP

Det går ei stor kraftline diagonalt gjennom lokaliteten, med tilhøyrande hogstgate.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Ingen.




### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER

Skjøtselen av hogstgata må vurderast dersom lokaliteten vert verna.

### KJELDER

Korsmo 1975, Marker 1977





## 36 TODALEN Aure kommune

Kartreferanse M711: 1421 II MR 868 100  
Areal i dekar: 1000  
Høgde over havet:  
Gards- og bruksnummer:

### OMRÅDESKILDRING

Sørvendt lauvskogsli med alm, oppbroten av skrinne parti og skredmark i Todalen, under Hardfjellet. Alm opptreir i fleire mindre bestand, kransa av bjørkeskog. Hassel og hegg i busksjiktet. Nedre delen av lia grenser mot ein skogsveg, og over lauvskogen er det bratte hamrar og snautt fjell. I aust renn Fjellbekkelva gjennom lokaliteten.

### FAGLEG VURDERING

Lokaliteten er relativt stor, med varierende storleik på dei einskilde almebestandane. To av dei beste bestandane er nærare dokumentert, og syner god forekomst av varmekjære artar; kjempesvingel, ramslauk, trollbær, firblad, myske, skogsvinerot, storklokke, skoggrønaks, slakkstarr, fingerstarr, ormtelg og junkerbregne. Dominerande innslag av gråor-heggeskogsartar klassifiserar denne lokaliteten til ein typisk gråor-heggskog. Andre interessante artar er trollurt, skogmarihand, filtkongslys og brunrot.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ei lauvskogsli med forekomstar av rik gråor-almeskog.

### UTFØRTE INNGREP

Ingen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Skogbruksinteresser i nedre delar av lia.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK/MERKNADER


Ingen.

### KJELDER

Korsmo 1975, Marker 1977

# MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000



Utgitt av Statens kartverk  
Fylkeskartkontor i Møre og Romsdal

## ANDRE EDELLAUVSKOGSLOKALITETAR SOM ER UNDERSØKT

Desse lokalitetane bør så langt det er råd, sikrast mot inngrep gjennom kommuneplanlegginga, anna planlegging, og i den einskilde grunnleggars bruk av områda. Kart med nærare avgrensing av dei registrerte forekomstane finst hos Miljøvernavdelinga. Dei fleste er og inneikna på naturvernkartet i Naturatlasserien som er sendt kommunane.

**37 MOLDE Ramnfloget sør**

Kartref.: 1220 I LQ 978 595

Areal 90 daa

Vestvent li med varmekjær lauvskog. Alm og hassel dominerer, med innslag av hegg og svartor i nedre delen. Varmekjære artar; trollbær, svarterteknapp, sanikel, skogsvinerot, ramslauk, myske, kratthumbleblom, jordnøtt, kusymre, vivendel, vårmarihand, skogkarse.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**38 HAREID Nesselva**

Kartref.: 1119 I LQ 435 146

Areal 25 daa

God svartorbestand på flatlendt mark langs utløpet til Nesselva og strandlinja langs Snipsøyrvatnet.

Kilde: Folkestad 1976

**39 HAREID Nedrelid**

Kartref.: 1119 I LQ 476 158

Areal 10 daa

Bekkedal med svartorskog like nord for Hjørungdalsvatnet. To kvernhus av kulturverninteresse.

Kilde: Folkestad

**40 VOLDA Stigedal**

Kartref.: 1218 I LP 486 756

Areal 1150 daa

Almeli i VSV-ventt helling det meste av Stigedalen. Typisk V-dal. Særprega geologi, spesielt på austsida. (ura, raskjeglene m.v). Det er og noko almeskog på vestsida av dalen og vidare over grensa til Sogn og Fjordane. I tillegg er det ein større forekomst av lind på NØ-siden av dalen i S-ventt bratt ur ned mot Alflotevatnet. Varmekjære og andre artar; ormtelg, hengeaks, myske, stornesle, skogstjerneblom, kvitsoleie, krattmjølke, kvitveis, trollurt, firblad, tannrot, hegg, hundekveke, skogsvinerot, brunrot, blankstorkenebb, lundrapp, grov og vanleg nattfiol, trollbær, storklokke, kratthumbleblom. Kilde: Folkestad (pers.med.), Marker-77, Bugge og Jordal 1988

**41 VOLDA Nautvik**

Kartref.: 1119 II LP 422 927

Areal 25 daa

Gråor-askeskog med hassel og innslag av gråor, hegg og rips. Myske, sanikel, kratthumbleblom, jordnøtt, vivendel, kusymre, lundrapp, krattmjølke i feltsjiktet.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**42 VOLDA Hondalsvatnet**

Kartref.: 1119 II LP 516 911

Areal 55 daa

Almeskog med relativt glissen tresetting. Arter: Trollbær, liljekonvall, myske, turt, firblad, kranskonvall, junkerbregne, taggbregne, brunrot, trollurt, kvitsoleie, skogburkne.  
Kilde: Korsmo-75

**43 VOLDA Alida**

Kartref.: 1119 II LP 435 982

Areal 55 daa

Svartorskog oppblanda med alm mellom sjøen og vegen. Innslag av bjørk, selje og rogn og einer i busksjiktet. Dominans av bregner og bringebær i delar av lia. Varmekjære artar; krattmjølke, kratthumleblom, trollurt, myske, ormtelg, krattlodnegras og jordnøtt.  
Kilde: Folkestad, Bugge og Jordal 1988

**44 VOLDA Urane**

Kartref.: 1219 III LP 597 863

Areal 320 daa

Sørvestvendt li innafor Aurstad med varmekjær lauvskogsvegetasjon. Rasutsett skredmark.

Kilde: JRI-88, Folkestad pers.med.

**45 VOLDA Ervikvatnet**

Kartref.: 1119 II LP 511 890

Areal 55 daa

Svartor langs utløpselva. Det er og eit betydeleg innslag av svartor i kulturlandskapet vestover.

Kilde: Folkestad-76.

**46 VOLDA Hunnes**

Kartref.: 1219 III LP 555 873

Areal 730 daa

Bratt sørvendt fjordli med innslag av varmekjær vegetasjon. Det har vore hegrekoloni i området.

Kilde: Jordreg.inst.-87



**47 ØRSTA Linderemmen**

Kartref.: 1219 III LQ 714 031

Areal 290 daa

Lindeskog med innslag av hassel, osp og bjørk i tresjiktet, i bratt SV-ventt lise ned mot Hjørundfjorden. Gneis i berggrunnen. Bestanden med lind er på 2 da, og avgrensa av rasmark og bjørkeskog. Plantegeografisk er lokaliteten av stor interesse med ein av dei nordvestlegaste forekomstane av lind i Norge. Osp og hassel dominerer i lia, med eit konstant innslag av alm. Variert feltsjikt.

Kilde: Korsmo-75 Bugge og Folkestad 1988.

**48 ØRSTA Øye**

Kartref.: 1219 III LP 784 984

Areal 370 daa

Mindre lauvskogslokalitet i bratt sørventt li nord for Øye sentrum. Skogen har eit "uryddig" preg med mange lauvtreslag og eit svært frodig feltsjikt. Bjørk og hassel dominerer med ein del ask, platanlønn, alm, hegg og gråor.

Lokaliteten er utypisk og frodig, varmekjære artar; myske, kratthumleblom, tannrot, sanikel, ormtelg og lundrapp. Friske delar har markert gråorskogpreg med m.a. gauksyre, hundekveke, skogstjerneblom, vendelrot, krypsoleie, skogsvinerot, sløkje og mjødukt. Elles finst m.a. raudhyll, storfrytle, haremat, trollurt, åkerminneblom, kvitsoleie, skogsalat, breiflangre, brunrot, piggstarr og gulflatbelg.

Kjelder: Bugge og Jordal 1988

**49 ØRSTA Molaupen**

Kartref.: 1219 IV LQ 680 112

Areal 280 daa

Fleire store almetre i bratte berg ned mot sjøen. I elvegjelet i sør står det frodig lauvskog med bjørk, gråor, osp, rogn og ein del alm. Mykje hassel i busksjiktet.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**50 ØRSTA Stokkelia-Lyngneset**

Kartref.: 1219 IV LQ 687 090

Areal 800 daa

Vestventt li med glissen bjørkeskog og alm i øvre delen. Nokre furutre på Barlindneset, der det og skal vere barlind.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**51 ØRSTA Rønningen**

Kartref.: 1219 III LQ 708 043

Areal 240 daa

Uvanleg frodig og homogen hasselskog i SV-ventt li. Ei og anna bjørk, hengebjørk og selje splittar opp kronetaket i hasselbestanden. Frå feltsjiktet er det notert myske, skogfredløs, hengeaks, og vivendel.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**52 ØRSTA Urke-Øye**

Kartref.: 1219 III LP 764 999

Areal 2470 daa

Sørvendt lauvskogsli med mange skredfar og sva. I vestdelen er ei fin bestand gråor-almeskog, og det er mykje hassel og alm elles i lia. Fin bestand osp øvst i lia. Innover fjorden er skogen meir glissen og dominert av bjørk, med innslag av osp, hassel og noko alm. Veg og kraftline i nedkant av lia, og fleire mindre granplantefelt.  
Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**53 ØRSTA Stålbergneset-Gallsteinane**

Kartref.: 1219 III LP 739 967

Areal 1780 daa

SV-vendt li med glissen lauvskog. To fine almebestand, ein i nord, og ein under Blåhornet. Frodig lauvskog i skredur med m.a. gråor. Elles finst bjørk, hassel osp og alm. Heilt i sør er eit mindre felt med planta gran.  
Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**54 ØRSTA Bjørke**

Kartref.: 1219 III LP 727 892

Areal 90 daa

SV-vendt bratt berghammar og steinur med ein liten almebestand.  
Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**55 ØRSTA Hustadnes**

Kartref.: 1219 III LP 700 996

Areal 290 daa

Svært storvaksen almebestand i stupbratt, austvendt berghammar midt i Hjørundfjorden. Almetrea står heilt frå toppen av åsen og ned til fjorden der store tre har greinene hengande utover sjøen. I bestandet elles er det innslag av hassel, osp, bjørk og gråor. I nord grensar almeskogen mot beitemark.  
Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**56 ØRSKOG Li**

Kartref.: 1219 I LQ 871 306

Areal 40 daa

Platanlønnbestand i SØ-vendt li ved Sjøholt. Innslag av ask og hassel. Arter: Søtkirsebær, rips, stikkelsbær, fagerperikum, smørtelg, jordnøtt.  
Kilde: Korsmo-77

**57 ØRSKOG Vestre**

Kartref.: 1219 I LQ 905 270

Areal 35 daa

Gråor-askeskog (?) på grusøyr på sørsida av elveutløp. Steinstrand med strandrug ved sjøen. Eit naust.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**58 ØRSKOG Lisetvik**

Kartref.: 1219 I LQ 874 277

Areal 30 daa

Frodig bjørkeli med ein del ask, platanlønn og osp. Stort innslag av hassel i busksjiktet. Svartor i strandsona.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**59 ØRSKOG Gausnes**

Kartref.: 1219 I LQ 867 276

Areal 35 daa

Svartorbestand, særleg i strandsona, men og med ein del tre bak strandberga.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**60 YSTE FURNESET Norddal kommune**

Kartreferanse M711:

1319 IV MQ 156 065

Areal i dekar:

250

Frodig sørvendt lauvskogsli med bra almebestand i austenden. Hengebjørk med oppslag av hassel og alm i vestenden. Lokaliteten ligg aust for tunellinnslaget til Tafjordtunellen. Bra bestand varmekjær lauvskog i ei fjordli som elles er prega av rasmark utan tresetting. Varmekjære artar; skogfaks, sanikel, myske, kratthumleblom, svarterteknapp, vårerteknapp, fingerstarr, ormtelg, lundrapp, skogvikke. Andre interessante artar; smørbukk, skogmarihand, dvergmispel, tjøreblom, trollurt, begerhagtorn og sølvasal. Kjelder: Bugge og Jordal 1988

**61 NORDDAL Alvika-Seineset**

Kartref.: 1319 IV MQ 160 041

Areal 840 daa

Nordaustvendt lauvskogsli i Tafjorden med alm-bjørkeskog i vekslande utforming. Særleg den nordvendte "hola" ved Seineset har frodig utforming med bra innslag av alm.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**61 NORDDAL Slufsa**

Kartref.: 1319 III MQ 172 023

Areal 335 daa

Svært frodig lauvskogsli på rasvifte med bjørk og gråor. I nordenden står ein relativt stor og homogen almebestand. Ned mot sjøen og i sørenden er det planta noko gran.

Elva Slufsa stuper ned i eit mektig fossefall på 6-700 meter.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**63 NORDDAL Tafjord aust**

Kartref.: 1319 III MQ 184 014

Areal 450 daa

Rik og frodig alm-hassel-li, der skogen er oppsplitta av fjellknausar og grunnlendt mark. Li er vesteksponert. På grusvifte står det gråor og osp i eit frodig bestand. Det går veg og ei kraftline i nedkant av lia. Lia ligg innafor det foreslåtte Tafjord landskapsvernområde. Artar; myske, kratthumleblom, skogsvingel, ormtelg, fingerstarr, krattmjølke, lundrapp, skogvikke, skogstjerneblom, tyrihjel, storklokke, turt, firblad, skogsvinerot, lakrismjelt, smørbukk, lifiol, trollurt.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**64 NORDDAL Tafjord vest**

Kartref.: 1319 III MQ 171 008

Areal 500 daa

Austvendt li ovafor busetnaden i Tafjord. Marka er grunnlendt, men har eit rikt, varmekjært preg, med flekkvise forekomstar av alm.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**65 NORDDAL Linge**

Kartref.: 1219 I MQ 071 075

Areal 105 daa

Liten lokalitet med rik vegetasjon. I stranda står svartor og morell. Oppfor riksvegen er det innslag av ask, og kraftig oppslag av hassel i kraftg ata.

Det står fleire hytter i strandsona.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**66 NORDDAL Steiggjelet**

Kartref.: 1219 I MQ 051 083

Areal 160 daa

Frodig, tett lauvskogsli med bjørk, osp, alm og hassel i SV-vendt fjellskråning ovafor riksvegen. Bestandet grensar mot glisen furuskog.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**67 NORDDAL Herdalen**

Kartref.: 1319 III MQ 118 003

Areal daa

Trang dal med innslag av edellauvskog med alm på gunstige lokalitetar. Liten almeli på skredmark ved Dampfossen med m.a. lodnebregne, lifiol, taggbregne, ormtelg, hengeaks, skogsvinerot, lundrapp, myske, kratthumleblom, tyrihjel, hundekveke, kransmynte, krattmjølke, skogsvingel, trollurt, brudespore.

Kilde: Folkestad-76, Bugge og Jordal 1988

**68 STRANDA Liastøa**

Kartref.: 1219 I LQ 991 104

Areal 50 daa

Lokalklimatisk gunstig strandområde med stor villmorellbestand. Kristtorn på grensa av si utbreiing. Flekkvis små bestand med grov alm og gråor. Det er bygd veg nedgjennom lia.

Kilde: Folkestad-76, Bugge og Folkestad 1988.

**69 STRANDA Ljøen**

Kartref.: 1219 II LP 917 894

Areal 140 daa

Bratt fjordli med frodig lauvskog og kulturmark dels under attgroing. To svært store lindetre, hagtorn og eit markert innslag av alm.

Kilde: Folkestad-76, Bugge og Folkestad 1988.

**70 STRANDA Tynnbjørgane**

Kartref.: 1219 II LP 941 935

Areal 315 daa

Almeskog i søraustvendt li midtveges i Sunnylvsvfjorden. Skogen er oppdelt med skredløp og bekkefar. I tillegg til alm, er det m.a. innslag av hassel og gråor.

Lokaliteten er den yste av dei gode edellauvskoglokalitetane i Sunnylvsvfjorden.

Varmekjære artar; skoggrønaks, skogfaks, sanikel, svarterteknapp, storklokke, skogvikke, samt hagtorn, (små)borre, kung, burot og sølvasal.

Lokaliteten ligg innafor foreslått landskapsvernområde.

Kjelder: Bugge og Folkestad 1988

**71 STRANDA Åkernes**

Kartref.: 1219 II LP 955 950

Areal 1030 daa

Større fjordli med hassel og alm. Tydeleg kulturpreg etter m.a. beiting. Frodig gråorskog på grusvifte. På ein grusrygg mellom to skredløp høgt oppe i lia står ein frodig almebestand.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988



**72 STRANDA Jogardstranda**

Kartref.: 1219 II LP 919 877

Areal 250 daa

Tett slutta lauvskog med alm, osp, bjørk og gråor i ei nordvestvendt li. Nord-delen av lokaliteten er meir glissen.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**73 STRANDA Friaren-Skagen**

Kartref.: 1219 II MP 019 880

Areal 840 daa

Nordvest- og nordvendt bratt fjordli med alm som dominerande treslag. Ved Friaren dominerer bjørk og gråor, med eit godt innslag av alm. I lia nedanfor Geitflå er almeskogen tettslutta, og med store dimensjonar på trea. Innslag av hegg, gråor, hassel og rogn. Her er det og planta litt gran. Under Skagen går fjellhammaren stupbratt i fjorden, men overalt der det er muleg å klore seg fast, står det alm. Saman med almeliene på nordsida av fjorden utgjer denne delen av Geirangerfjorden eit svært verneverdig botanisk naturområde.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**74 STRANDA Bringen-Sju Søstre**

Kartref.: 1219 II MP 012 888

Areal 1550 daa

Skredutsett og bratt fjordli med hasselkratt, noko alm og hengebjørk. Sør for Sju Søstre står ein fint utvikla liten almebestand.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**75 STRANDA Furnesvika**

Kartref.: 1219 II LP 949 911

Areal 415 daa

Frodig vestvendt fjordli med hengebjørk, alm og gråor.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**76 STRANDA Oaldsbygda**

Kartref.: 1219 II LP 977 944

Areal 585 daa

Frodige lauvskogslier ned mot fjorden. Gråor og bjørk dominerer, med innslag av alm og hassel. Vegetasjonen i sjølve Oaldsbygda er kartlagd i ei studentoppgåve.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**77 STRANDA Ovrå**

Kartref.: 1219 I MQ 008 096

Areal 90 daa

Bratt SV-vendt edellauvskogsli mellom fjorden og dyrka mark på eit platå 140 moh. I austenden står det uvanleg frodig almeskog i tett bestand. Elles er det rik blandingslauvskog med alm, hengebjørk, hassel, morell, svartor, rogn, platanlønn, hegg, (dverg)mispel og furu. Nede ved stranda står 3-4 tørre almetre. Eit nedløpsrør går ned gjennom lia og ut i fjorden.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988.

**78 STORDAL Bjørkeneset**

Kartref.: 1219 I LQ 927 247

Areal 390 daa

Almeskog med innslag av gråor-heggeskog i SSV-vendt lisode med gneis i berggrunnen. Innslag også av osp i tresjiktet. Korsmo's lokalitet ligg i nord, og er noko redusert gjennom vegbygging. Resten av lia er med samanhengande almeskog, noko oppdelt av granplantefelt. I stranda står det svartor og vivendel. Interessante artar; myske, skoggrønaks, svarterteknapp, kratthumleblom, sanikel, kjempesvingel, skogfaks, ramslauk, trollbær, fingerstarr, kusymre, vårmarihand, jordnøtt, lundrapp, breiflangre, småborre, krattmjølke.

Kilde: Korsmo-75, Bugge og Folkestad 1988 Bugge og Jordal 1987-88

**79 STORDAL Vidhammar-Skjortneset**

Kartref.: 1219 I LQ 907 188

Areal 480 daa

Større austvendt fjordli med hassel og gråor som dominerande treslag. Innslag av hengebjørk og alm. Beiting av geit har sett preg på vegetasjonen.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**80 STORDAL Holmebugen**

Kartref.: 1219 I LQ 948 177

Areal 855 daa

Frodig nordvendt lauvskogsli på sørsida av Stordalsvika. Bjørk, osp og gråor dominerer. På ei skredrenne midt i lia står ein svært frodig bestand med gråor-platanlønnskog. Ask og platanlønn kjem inn i austenden. I tillegg er det planta ein del gran i denne delen av lia.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**81 STORDAL Seljeneset**

Kartref.: 1219 I LQ 944 196

Areal 775 daa

Vestvendt fjordli med dominans av osp. Markert innslag av furu-/hengebjørkeskog. Stort oppslag av hassel i busksjiktet.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**82 STORDAL Stamnes**

Kartref.: 1219 I LQ 941 205

Areal 245 daa

Tett, frodig lauvskogsli der gråor dominerer i nedre delen, og hengebjørk i øvre delen. God forekomst av ask, osp og hassel, innslag av alm. Artar; skoggrønaks, myske, sanikel, vårmarihand, lundrapp, krattmjølke, breiflangre, vill-lauk, krossved.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988, Bugge og Jordal 1988

**83 STORDAL Under Stamnesbotn**

Kartref.: 1219 I LQ 943 216

Areal 205 daa

Vestvendt lauvskogsli, lik lokaliteten Stamnes, men med større innslag av alm. Artar; ask, sanikel, skoggrønaks, myske, krattmjølke, grov nattfiol, trollurt, breiflangre, brudespore.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988, Bugge og Jordal 1988

**84 STORDAL Smineset**

Kartref.: 1219 I LQ 936 239

Areal 420 daa

Sørvestvendt fjordli med fleire mindre, men godt utvikla edellauvskogsbestand. Hassel og alm dominerer, med ein del osp og hengebjørk. Gråor i strandsona. Den best utvikla einskildbestanden står i nordenden av lia. Artar; svarterteknapp, myske, skoggrønaks, kratthumbleblom, sanikel, lundrapp, gulflatbelg, grov nattfiol.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988, Bugge og Jordal 1988

**85 SYKKYLVEN Søvik**

Kartref.: 1219 I LQ 835 254

Areal 260 daa

Austvendt lauvskogsli med bjørk som dominerande i tresjiktet. Hassel dominerer busksjiktet. Ein del hegg og gråor, og innslag av alm og platanlønn. Kjerreveg går gjennom lia i nedkant, og ei kraftline krysser lia litt høgare oppe.

Kilde: Bugge og Folkestad 1988

**86 GISKE Kannset**

Kartref.: 1119 I LQ 425 300

Areal 50 daa

Rike hasselkratt på sørsida av Godøya.

Kilde: Marker-77

**87 HARAM Grovagjølet**

Kartref.: 1220 III LQ 616 366

Areal 195 daa

Lågurt-eikeskog med hassel på meget grunt jordsmonn.

Kilde: Korsmo-77

**88 HARAM Haramsøya sør**

Kartref.: 1120 II LQ 566 507

Areal daa

Rike hasselkratt i sørhellingar langs heile øya.

Kilde: Rønningen og Folkestad pers.med.

**89 RAUMA Sogge Bru**

Kartref.: 1320 II MQ 356 344

Areal 10 daa

*Gråor-askeskog med sterk overvekt av ask i tresjiktet mellom jernbanen og E69, gneis i berggrunnen. Godt utvikla busksjikt med endel ask og hegg og noko platanlønn og rips. Svært frodig og krevjande feltsjikt. I Ø står endel råteinfisert gråor. Bestandet avgrensa i Ø av høgspentlinje. Gråor-askeskog er eit svært sjeldant vegetasjonssamfunn i Møre og Romsdal.*

Kilde: Korsmo-75

**90 RAUMA Marstein**

Kartref.: 1319 I MQ 405 249

Areal 535 daa

Vestvendt almeli ved Marstein i Romsdalen. Lokaliteten grenser til fjellknauser og krattskog, og i nedkant mot dyrka mark. Denne lokaliteten er den best utvikla almeskogen i Romsdalen, og har slik høg verneverdi som typeområde for gråor-almeskog i Romsdalen. Relativt svakt artsutval i feltsjiktet, gjer likevel at lokaliteten ikkje er foreslått verna som naturreservat i verneplanen. Varmekjære artar; myske, firblad, storklokke, gullstjerne, vårerteknapp, krattfiol, fingerstarr, ormtelg, krattmjølke. *Gråorskogsartar*; skogburkne, lerkespore, gauksyre, skogsvinerot, skogstjerneblom, stornesle.

Kjelder: Holten 1984

**91 RAUMA Selen**

Kartref.: 1319 I MQ 399 256

Areal 490 daa

Elvekantbiotop med svartorskog, kulturmark i gjengroing og rikmyr like sør for Selen ved Marstein i Romsdalen. Svært vakkert kulturlandskap omkring. Mellom garden Selen og Rauma elv er det parti med tidlegare kulturmark som gror igjen med lauvskog og kratt. Frå rikmyra lenger sør renn ein liten bekk, der det står svartor langs med. Svartorskogen langs bekken har et trivielt feltsjikt, lyngtuer dominerer, og det er innslag av bjørk. Myra som bekken drenerer er en liten bakkemyr med rike sig. M.a. vart breiull og engstarr registrert. Ved bekkens utløp til Rauma er lauvskogen svært frodig, med gråor, hegg og hassel som dominerande treslag. Innslag av ask og bjørk, og mykje trollhegg og krossved i busksjiktet. Feltsjiktet er fordig, med gråor-heggeskogs karakter; sumphaukskjegg, mjødukt, sløkje, kratthumleblom, gauksyre, skogburkne, firblad, kvitveis, skogstjerneblom, engsnell, myrmaure, krypsoleie, ormtelg, myske og bekkeblom. Lokaliteten ligg innafor forslaget til Romsdalen landskapsvernområde, der eit av hovudverneformåla er å sikre kantvegetasjonen langs Rauma. Dersom landskapsvernområdet vert oppretta, kan ein sikre denne lokaliteten i nødvendig grad gjennom skjøtselsplanen.

Kjelder: Holten 1984, Bugge 1989

**92 RAUMA Hestebakken**

Kartref.: 1320 III MQ 333 370

Areal 240 daa

Gråor-askeskog med ei stripe av gråor-heggeskog langs Rauma. Gråor dominerar tresjiktet men med mykje ask. Hegg dominerar busksjiktet, og kjem opp i tresjiktet i SV. Lokaliteten ligg på kanten av ein grusterrasse mot Rauma og grensar elles mot E69 og beitemark. Feltsjiktet er frodig og variert. Etter Korsmo's registrering har lokaliteten vorte kraftig redusert pga. vegbygging. Det er kraftig reetablering av ask i vegkanten. Kilde: Korsmo-75

**93 RAUMA Styggefonngrova**

Kartref.: 1319 I MQ 486 213

Areal 215 daa

Gråor-heggeskog med innslag av alm. Beitepåverka. Arter: Tyrihjel, myske. Kilde: Korsmo-75

**94 RAUMA Sør for Knutsætra**

Kartref.: 1319 IV MQ 315 277

Areal 30 daa

Almeskog med hassel og gråor. Arter: Tyrihjel, trollbær, storklokke, trollurt, myske. Kilde: Korsmo-75



**95 RAUMA Åk**

Kartref.: 1320 II MQ 347 350

Areal 30 daa

Gråor-askeskog med innslag av platanlønn og hassel, og en mindre bestand med almeskog med hassel. Arter: Trollurt, firblad, jordnøtt.

Kilde: Korsmo-75

**96 RAUMA Bjørmosen**

Kartref.: 1320 III MQ 335 371

Areal 120 daa

Gråor-Heggeskog og Gråor-Askeskog med sterk oppblanding av platanlønn, bjørk og osp. Svak helling mot sør, med gneis i bergrunnen. Bestandet grensar mot fjell i N, mot bekk/furuskog i Ø, mot kraftlinje i S og mot bustadhus og veg i N. Hassel opptrer i eit glissent undertresjikt i heile bestandet. Feltsjiktet er frodig i dei friske delane. På tørrare substrat dominerar grasbunden vegetasjon.

Kilde: Korsmo-75

**97 RAUMA Horgheim**

Kartref.: 1319 I MQ 388 269

Areal 75 daa

Svartorskog ved evje sør for Horgheim. Lokaliteten er ein av dei to viktigaste svartor-lokalitetane i Romsdalen, lokaliteten ved Selen. Lokaliteten har og ein viss verdi som raste- og hekkeplass for fugl. Området er ein viktig del av det vakre og produktive elvelandskapet mellom Remmem og Horgheimseidet, samt at denne delen av Romsdalen er foreslått innlemma i Romsdalen landskapsvernområde.

Kilde: Holten

**98 NESSET Mardalsbotnen**

Kartref.: 1319 I MQ 547 286

Areal 140 daa

To lokalitetar med almeskog og gråor-heggeskog i sig på 8 + 10 dekar. Grensar til vassdrag i S, og elles til ur og bjørkekratt. Variert og noko beitepåverka feltsjikt. Ingen av almetrea har vore styva. Det er påfallande å finne ein varmekjær lokalitet så tett opptil alpine veksttilhøve som her.

Kilde: Korsmo-75

**99 NESSET Ytre Bjørk**

Kartref.: 1320 II MQ 574 328

Areal 90 daa

Almeskog med innslag av hassel på V-hellande grusvifte. Gneis berggrunn. Bestandet grensar mot Eikesdalsvatnet, mot bekk i N og Ø, og mot lauvskog i S. Frodig feltsjikt. Almetrea er styva.

Kilde: Korsmo-75

**100 NESSET Nord for Katthammaren**

Kartref.: 1319 I MQ 575 303

Areal 200 daa

Almeskog og gråor-heggeskog på VNV-vendt grusvifte mot Eikesdalsvatnet kranse av ur og bjørkeskog. Gneis i berggrunnen. Innslag av rogn, bjørk og hassel. Svært frodig feltsjikt. Kraftig styving av almetrea, svak beiting.

Kilde: Korsmo-75

**101 NESSET Finnset 2**

Kartref.: 1419 IV MQ 637 233

Areal 430 daa

To adskilte bestand med almeskog på 100 dekar kvar. Store innslag av hassel. På SV-vendt rasmark kranse av blokkmark og krattskog av bjørk og hassel. Gneis i berggrunnen. I mellom eit mindre almebestand på 5 dekar med innslag av hassel.

Kilde: Korsmo-75

**102 NESSET Mardalen**

Kartref.: 1319 I MQ 556 295

Areal 290 daa

Almeskog i Ø-vendt li med innslag av hassel og gråor. Grenser mot beitemark i Ø, ellers mot lauvskog. Gneis berggrunn. Svært frodig og instruktiv feltsjikt. Sauebeiting. I tillegg eit mindre almebestand med gråor-heggeskog i sør med storbregneutforming.

Kilde: Korsmo-75

**103 NESSET Øvre Bjørk**

Kartref.: 1320 II MQ 574 316

Areal 170 daa

Almeskog.

Kilde: Marker-77

**104 NESSET Rødli**

Kartref.: 1320 I MQ 455 609

Areal 1120 daa

Sørvendte og bratte lier ovenfor Rød med mosaikk av fleire rike edellauvskogssamfunn. Nederst, i den slakke lia, har ein til dels massive og lågurtrike hasselkratt. I bratte partier dominerer hassel saman med alm, bjørk og gråor med m.a. kravfulle artar som skogfaks, lundgrønaks, skogsvingel, ramsløk og sanikel. Eit svartorbestand i nedkanten, med nokre mektige tre. Kraftgate og skogsveg har redusert skogsarealet vesentleg.

Kilde: Holten-79

**105 NESSET Eikesdal**

Kartref.: 1319 I MQ 587 272

Areal 2220 daa

Stor hasselskog i SV-vendt li, omlag 4 km i lengderetninga.

Kilde: Marker-77

**106 NESSET Finnset 1**

Kartref.: 1419 IV MQ 648 223

Areal 15 daa

Almeskog med innslag av hassel. Arter: Krossved, tyrihjelm, trollurt, myske, svarterteknapp, kung, sanikel.

Kilde: Korsmo-75

**107 NESSET Sør for Hoemssætra**

Kartref.: 1320 II MQ 564 357

Areal 110 daa

Bratt østvendt li med bjørk som dominerende treslag, men mange andre treslag er representert, m.a. alm og hassel. Største almetrærne finnes ved et engparti. Alma har tidlegare vore pila. Beite- og sterkt tråkkpåvirka.

Kilde: Bugge 1988

**108 MIDSUND Orset**

Kartref.: 1220 II LQ 887 531

Areal 225 daa

Sørvendt lauvskogsli på sørsida av Otterøya. Variert skogsbilde med hasselkratt, gråorskog og innslag av svartorskog. Rik lauvskogsli med stor botanisk interesse. Floraen har tydeleg kystpreg, med karakterartar som vivendel, kusymre, jordnøtt og skogfredlaus. Andre varmekjære artar; svarterteknapp, skoggrønaks, myske, sanikel, ormtelg, krattmjølke og lundrapp. Svartknoppurt er og registrert i denne lokaliteten på Otterøya, elles kan nemnast breiflangre, stortveblad og trollurt. Denne lokaliteten vert ikkje foreslått verna, da lokaliteten lenger aust, Hagset-Opstad har høgare verneverdi. likevel er floraen så rik at lokaliteten bør sikrast gjennom kommuneplanlegginga.

Kjelder: Jordal 1988

**109 MIDSUND Høgreset**

Kartref.: 1220 II LQ 923 541

Areal

Sørvendt lauvskogsli mellom Nord-Heggdal og Hagset på Otterøya. Variert skog, noko flatt i nedkant, og brattare bakover. Hassel og alm dominerer i dei varmaste delane, medan det er eit stort innslag av andre lauvtre. Ein del gran er og planta i området. Botanisk interessant lokalitet, med ei rad varmekjære artar; myske, skogfredlaus, sanikel, skoggrønaks, kratthumbleblom, ramslauk, ormtelg, vivendel, kusymre, jordnøtt, krattmjølke, lundrapp og svartknoppurt. Lokaliteten har og innslag av svartor, samt grov nattfiol og hanekam.

Kjelder: Bugge og Jordal 1988.

**110 MIDSUND Klauset**

Kartref.: 1220 II LQ 847 521

Areal 190 daa

Hasselkratt i sørvendt li.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**111 MIDSUND Vågsdalen**

Kartref.: 1220 II LQ 861 563

Areal - daa

Varmekjær, kystprega lauvskog i sørvendt li ytst i Vågsdalen. Alm, hassel og gråor i tresjiktet. Interessante artar; myske, sanikel, trollbær, junkerbregne, skogfredlaus, skoggrønaks, jordnøtt, kusymre, lundrapp, krossved, trollurt, brunrot, breiflangre.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**112 MIDSUND Trelvika**

Kartref.: 1220 III LQ 813 527

Areal 160 daa

Hasselkratt i vestvendt skredmark med noko alm. Interessante artar; skoggrønaks, myske, sanikel, ramslauk, fingerstarr, jordnøtt, kusymre, vårmarihand, lundrapp, svartknoppurt, breiflangre, brudespore.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**113 AUKRA Eidskrem/Midtvoll**

Kartref.: 1220 I LQ 981 604

Areal 380 daa

Bratt vestvendt li med varmekjær vegetasjon. Alm eller svartor utgjer markerte innslag i tresjiktet. Rikt feltsjikt med kusymre som karakteristisk art i våraspektet. Truleg eit svært viktig område for krevjande småfuglartar.

Kilde: Folkestad pers.med.

**114 FRÆNA Reitvika**

Kartref.: 1220 I MQ 074 668

Areal 15 daa

Sørvestvendt strandskog med svartor på nordsida av Malmefjorden. Elles gråor, hegg og osp, og med m.a. kvitveis, ormtelg, jordnøtt, gauksyre, kvitveis, krattlodnegras og filtkongslys i feltsjiktet.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**115 FRÆNA Blokkehaugen**

Kartref.: 1220 I MQ 087 663

Areal 70 daa

Sørvendt lauvskogsholt med stort innslag av svartor. Spredde tre av rogn, bjørk, hegg. I feltsjiktet; kvitveis, mjødukt, skogburkne, engfiol, kusymre, markjordbær, gauksyre, firblad, skogkarse, stortveblad, vanleg nattfiol og jordnøtt. Rik småfuglfauna med m.a. gulsanger, tomsanger, munk, bjørkefink og gulspurv.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**116 FRÆNA Nerlandssetra**

Kartref.: 1220 I MQ 064 784

Areal 120 daa

Vestvendt lauvskogsli med urskogspreget og varmekjær flora. Lia ligg på austsida av Raudtuva. Alm dominerer flekkvis i lia. Av interessante artar kan nemnast vårkål, kvitveis, trollurt, sanikel, skogsvinerot, tannrot, myske, skogstjerneblom, ormtelg, lundrapp, kratthumbleblom, firblad og kranskonvall.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**117 FRÆNA Jurtippen**

Kartref.: 1220 I MQ 077 836

Areal 70 daa

Vestvendt lauvskogsli med varmekjær vegetasjon under Stemshesten. Hassel dominerer, med innslag av bjørk, rogn, hegg og svartor. Varmekjære artar; sanikel, svarterteknapp, trollbær, storklokke, firblad, myske, kratthumbleblom, kusymre og vårmarihand. Særleg interessante er funna av blankstorkenebb og kystmaigull.

Kilde: Bugge og Jordal 1988

**118 FRÆNA Skarset**

Kartref.: 1220 I MQ 025 754

Areal

Vestvendt lauvskogsli med dominans av bjørk, innslag av hassel og noko alm. Interessante artar; skogvikke, hengeaks, skogsvinerot, sanikel i dels store mengdar, myske, jordnøtt, tannrot, firblad, trollbær, skogstarr.



**119 AVERØY Kvalshaug**

Kartref.: 1320 IV MQ 187 841

Areal 220 daa

Hasselkratt med kravfulle og sjeldne urter. Flora med indikatorar på dei rikaste og mest varmekjære edellaauvskogane på Vestlandet. Den sørvendte lia ligg aust for Tøvik, på sørsida av Averøya. Bekkedalane har den frodigaste vegetasjonen med ramslauk, jordnøtt, skogstarr og skoggrønaks. Forekomsten av kystmaigull er verdas nordlegaste. I hasselkratta dominerer sanikel, myske, kusymre, fingerstarr og sølvbunke. Det er plantet en god del gran i lia, slik at verneverdien er vesentlig redusert.

Kilde: Holten-79

**120 AVERØY Storhammaren**

Kartref.: 1320 IV MQ 270 823

Areal 35 daa

Hasselkratt, innslag av rik flora med m.a. kusymre, skogstarr og lundgrønaks. Lokaliteten ligg øvst i lia over Mork. Lauvskogen grenser mot granplantingar i nedkant.

Kilde: Holten-78

**121 AVERØY Trolldalen**

Kartref.: 1321 III MQ 309 889

Areal 140 daa

Blandingsskog furu/bjork med innslag av alm og eindel hassel. Lokaliteten ligg avsides til i ei sørvendt li mellom Ristuva og Storklimpen. Området synes upåverka av hogst og husdyrbeite. Av floraen kan nemnast krattlodnegras, myske, skogburkne, skogfiol, junkerbregne, rasmslauk, kratthumleblom, skogsvingel, hengeaks, krattmjølke, brunrot, firblad, myskegras.

Kilde: Holten-78

**122 AVERØY Hagahornet**

Kartref.: 1320 IV MQ 230 827

Areal 360 daa

Sørvendt li med rike hasselkratt med varmekjære urtar og gras. Kusymre, skogstarr, krossved, svarterteknapp, sanikel, mørkkongslys, junkerbregne og jordnøtt. Krysning mellom kusymre og marinøkleblom, ein stor sjeldanheit, vart funnen nedst i lia. Over 300 moh. stort sett bjork. Noko granplanting.

Kilde: Holten-79.

**123 AVERØY Helset**

Kartref.: 1320 IV MQ 250 822

Areal 125 daa

Middels rike hasselkratt i sørvendt li på sørsida av Averøya. Stor bestand med junkerbregne og ramslauk på blokkmark under bergrota. Kransmynte, sanikel, skogstarr, fagerperikum, lundgrønaks, vårerteknapp og kusymre er andre interessante planteartar.

Noko granplanting og husdyrbeite.

Kilde: Holten-79.

**124 AVERØY Nekstadberga/Knuthamran**

Kartref.: 1321 III MQ 268 882

Areal 65 daa

Stor og svært artsrik hasselkrattlokalitet i sørhelling ved Ba. Breiflangre, lundgrønaks, svarterteknapp, ramslauk, kusymre, sanikel og orkideen fuglereir er interessante artar fra lokaliteten. Lågurt-hasselkratt utgjer størstedelen av arealet, medan det i nedre delar er noko friskare med rikare jordsmonn. Endel sitkagran er planta i lokaliteten. Intensivt sauebeite i nedre delar.

Kilde: Holten-78.

**125 FREI Endresetlia**

Kartref.: 1321 II MQ 368 903

Areal 250 daa

Bratt og sørvendt li med lauvskogsdominanas, mest bjørk og hassel, men og flekkvis med alm. Av sjeldne arter kan blankburkne nevnes.

Kilde: Holten i notat-79, Marker-77

**126 FREI Jordåla**

Kartref.: 1321 II MQ 394 898

Areal 190 daa

Svartorskog i forsumpa mark, bestand på omlag 30x100 meter.

Kilde: Ørsahl/Bugge

**127 FREI Freikollens vest- og sørside**

Kartref.: 1321 II MQ 364 924

Areal 430 daa

Lokaliteten har ein variert og til dels rik og varmekjær vegetasjon. Det rikeste området ligg ca. 250 m sørøst for gården Yttervika. Her finnes et artsrikt alm-hasselbestand.

Kilde: Holten 1979

**128 FREI Lågfjellets sørsida**

Kartref.: 1321 II MQ 363 912

Areal 380 daa

Liene under Lågfjellet har en heterogen skogsvegetasjon. Ein del partier på sør og sørvestsida har edellausksbestand dominert av alm og/eller hassel. Disse bestanda er svært artsrike.

Kilde: Holten 1979

**129 GJEMNES Rådalen**

Kartref.: 1320 I MQ 381 768

Areal 300 daa

Middelsrik hasselli med gråorskog nedst mot dyrka mark. Kusymre, skogstarr og ramslauk har floristisk interesse.

Kilde: Holten-79.

**130 GJEMNES Reitan**

Kartref.: 1320 I MQ 446 760

Areal 330 daa

Sør og sørvestvendt skogsli med almeskog, gråorskog og bjørkeskog. Nederst dominerer høgstaude-gråorskogen med eit uvanleg frodig feltsjikt. Opp mot berget overtar alm med hundekveke, storklokke og lundrapp i feltsjiktet. Ovafor alm/hasselbestanden står det lågurtbjørkeskog. Videre oppover er det bregnebjørkeskog og ved skoggrensa blåbærbjørkeskog. Heile denne lia er eit sjeldant godt døme på vegetasjonen i ei sørvendt nordmørsli. Kulturindikatorplantar som legeveronika, tveskjeggveronika, sølvbunke og engsoleie vitnar om skogsbeiting.

Kilde: Holten-78

**131 GJEMNES Flemma**

Kartref.: 1320 I MQ 526 795

Areal 140 daa

Alm-/hasselkratt i sørausteksponert li ovafor Flemma. Frodig feltsjikt i nedre delar med lundgrønaks i tørre delar og høgstauder som kranskonvall og storklokke samt kvitsoleie, skogburkne og ormetelg på fuktig mark. Svarterteknapp og vårerteknapp er vanlege varmekjære artar. Lokaliteten har få spor etter kulturpåverknad.

Kilde: Holten-78

**132 TINGVOLL Kamlia (Herresdalen)**

Kartref.: 1321 II MQ 552 860

Areal 520 daa

Almeli i SV-helling. Litt fattigere enn Vulvik/Kansdal. Meget stor forekomst av den sjeldne blankstorkenebb. Skogstarr, tårnurt, sanikel, kransmynte, vårerteknapp, grov nattfiol, fingerstarr og krattlodnegras. Frodig bjørk/hasselskog. Spesielt interessant lokalitet pga stor høgde over havet (244-500m) og forekomsten av blankstorkenebb.

Kilde: Holten-79

**133 TINGVOLL Hundane**

Kartref.: 1321 II MQ 542 922

Areal 580 daa

Hasselli med innslag av alm. Floristisk interessant vegetasjon med m.a. kusymre, jordnøt, ramslauk, skogstarr og skogsvingel. Gneis i berggrunnen, rasmarkssubstrat.

Kilde: Holten-79

**134 TINGVOLL Aspa**

Kartref.: 1321 II MQ 452 883

Areal 480 daa

Edellauvskogsområde med frisk alm/hassel/selje/rogn i austre del, og tørrere og varmere hasselkratt i vest. Interresante planteartar; revebjelle, fagerperikum, sanikel, myske, ramslauk, krattlodnegras, kransmynte, lundgrønaks, kusymre, svarterteknapp, jordnøtt, krossved, mørk kongsløys, markfrytle og svartknoppurt. Tørrbakkefloraen er sjeldent pent utvikla og skjøttes best ved at beitinga fortsetter.

Kilde: Holten-79

**135 TINGVOLL Skjevling/Haga**

Kartref.: 1320 I MQ 453 857

Areal 65 daa

Edellauvskogsområde med svartor, rikmyr og hassel. Spesiell flora med jordnøtt, ramslauk, kusymre, fagerperikum, sanikel. Gneis i berggrunnen, tynt morenedekke. Svartor/rikmyrsamfunnet utgjer omlag 15 daa. Lokaliteten ligg 15-75 moh.

Kilde: Holten-78

**136 TINGVOLL Ulset**

Kartref.: 1321 II MQ 497 898

Areal 80 daa

Hasselkratt med interessant flora; vårterteknapp, skogfaks, krattlodnegras, myske, svarterteknapp, krossved, sanikel, kransmynte samt sjeldne lav- og moseartar.

Kilde: Holten-79

**137 SUNNDAL Lykkja/Fagerhaugan**

Kartref.: 1420 III MQ 733 495

Areal 940 daa

Bratte rasmarker ved foten av Hovsnebbå med varmekjær lauvskog. Rikt fugleliv og ikkje minst eit rikt insektliv med sjeldne artar.

Kilde: Folkestad-76.

**138 SUNNDAL Storløykja**

Kartref.: 1420 III MQ 846 474

Areal 150 daa

Svartor-sumpskog med innslag av gråor og bjørk i bekkedal. Feltsjiktet er trivielt. Lokaliteten ligg på mektige breelvvavsetningar med gneis i berggrunnen. Dels kraftig kulturpåverknad gjennom beiting, trakk og vedhogst. Svartora regenererer raskt sålenge det høge grunnvassnivået vert halden intakt. Arter: Skogkarse, trollurt, myrhatt, sumphaukskjegg, springfrø, åkersnelle, skogmarihand, bukkeblad. I nyare tid er lokaliteten snauhogd i samband med bygging av ny veg, og svartora er mest borte. Kilde: Holten-78, Korsmo-75, Jordal-88

**139 SUNNDAL Mæle**

Kartref.: 1420 III MQ 815 470

Areal

Svartorskog i eit band mellom fjellsida og dyrka mark under Haremsdalen i Sunndalen. I tillegg til svartor, står det mykje gråor, bjørk og hegg i lokalitetten. Interessante artar; trollurt, skogburkne, tyrihjel, bringebær, kvitveis, skogsvinerot, skogstjerneblom, gauksyre, bekkeblom, grønstarr, krossved og ryllsiv. Kjelder: Jordal 1988

**140 SUNNDAL Gjorahaugen**

Kartref.: 1420 II NQ 051 364

Areal 4000 daa

Markert fjellknaus ved Gjora i Sunndalen med stor artsrikdom og eit breitt utval vegetasjonstyper på eit avgrensa område. Sør- og sørvestvendte delar har rik edellauvskog med alm og hassel. Eit svært variert og artsrikt område. Her er det samla kystplanter, varmekjære sørlege og søraustlege artar, kontinentale (austlege) artar og fjellplanter på eit naturleg avgrensa lite område. Varmekjære artar; svarterteknapp, myske, vårmarihand. Andre interessante artar; mørk kongslis, filtkongslis, tjæreblom, engnellik, lakrismjelt, tysbast, blåmjelt, reinrose, norsk malurt. Kjelder: Holten 1978.

**141 SUNNDAL Litlfahle**

Kartref.: 1420 II MQ 945 442

Areal 590 daa

Rik almeskog og lågurt bjørkeskog med hassel. Stor bestand av kantkonvall. Artsrikt feltsjikt i edellauvskogen. Kilde: Holten-79



**142 SUNNDAL Sør for Dalavatnet**

Kartref.: 1420 III MQ 742 381

Areal 130 daa

Almebestand i SØ-vendt li i Litldalen. Arter: Tyrihjelm, trollbær, storklokke, trollurt, liljekonvall, myske, firblad, kantkonvall, strutseving, kvitsoleie.

Kilde: Korsmo-75

**143 SUNNDAL Dalavatnet**

Kartref.: 1420 II MQ 866 424

Areal 21 daa

Høgstaude-almeskog i sørvendt skråning med næringsrik jord. Forutan alm har tresjiktet hassel, bjørk. Tyrihjelm dominerar flekkvis, elles trollbær, storklokke, myske, kratthumbleblom, strutseving, brunrot, skogsvinerot, skogstjerneblom og hundekveke.

Kilde: Aune og Holten-80

**144 SUNNDAL Hoåsbrekka**

Kartref.: 1420 II MQ 873 468

Areal 900 daa

Sørvendt rasmark med alm og hassel over eit forsumpa skogsområde og myr med svartor like nord for Hoåas i Sunndalen. Innslag av varmekjære og krevjande artar som; platanlønn, krossved, tyrihjelm, trollbær, storklokke, trollurt, myske, vårerteknapp, strutseving, firblad, brunrot, skogvikke, berggrøyrkvein, piggstarr, sanikel og kjempesvingel. Området bør sikrast mot inngrep, da ein her på eit relativt lite område har stor variasjon av krevjande skogstypar. Særleg svartorbestanden er verdfullt.

**145 SURNADAL Sollia i Vindøldalen**

Kartref.: 1420 I MQ 975 835

Areal 2000 daa

Smal elvedal med edellauvskog opp til over 300 moh. Rike lauvskogslier med grov alm og frodig gråorskog. Innslag av hegg og hassel. Rikelig med junkerbregne og strutseving i gråorskogen. Ekstremt rik og tett fuglefauna med sjeldne fuglearter, m.a. holerugarar. Kambrosilurbergartar i grunnen gir næringsrikt jordsmonn. Interessante artar; myske, storklokke, kratthumbleblom, ormtelg, krattmjølke, lundrapp, hengeaks, junkerbregne, skogstjerneblom, turt, skogsvinerot, tyrihjelm, hundekveke, stornesle, humle, kvitsoleie, trollurt, trollhegg.

Kilde: Marker-77, Folkestad-76, Jordal 1988

**146 SURNADAL Romålia**

Kartref.: 1420 I MQ 887 639

Areal 1850 daa

I den svært frodige lia dominerer alm og gråor tresjiktet, men med innslag av svært mange andre treslag. I fuktige delar står frodig høgstaudevegetasjon med storklokke, stornesle, mjødurt, tyrihjelme og turt, samt alle storbreknene som er registrert i Todalen. Elles finst kantkonvall, breiflangre, skogfaks, piggstarr, humle, krattslirekne, vanleg lerkespore, skogbjørnebær, svarterteknapp, sanikel, brunrot og krossved. I den vestlege delen av området under Knyken dominerar bjørk saman med alm tresjiktet.

Kilde: Liv Ellen Vold-81

**147 SURNADAL Lifoten av Knubban**

Kartref.: 1420 I MQ 950 613

Areal 250 daa

Alm utgjer saman med 6-7 andre treslag tresjiktet i denne bratte vestvende blokkmarka. Fuktig grunn. Av artsutvalet; storklokke, mjødurt, skogsvinerot, myske, junkerbregne, skogvikke, trollbær og myskegras.

Kilde: Liv Ellen Vold-81

**148 RINDAL Almberg**

Kartref.: 1421 II NQ 069 911

Areal 35 daa

Almeskog i elvejuv med dyrka mark på begge sider. Berggrunn av kambrosilurske sedimentbergartar. Innslag av gråor, hegg og hassel i tresjiktet. Frodig og artsrikt feltsjikt med m.a. trollbær, storklokke, kratthumleblom, firblad, skogsvinerot, krattfiol, fingerstarr, ormtelg, junkerbregne, lundrapp, skogkarse og eit stort utval gråor-heggeskogsartar.

Kilde: Korsmo-75

**149 RINDAL Rindal kirke**

Kartref.: 1421 II NQ 107 916

Areal daa

Lite holt med almeskog like ved Rindal kirke. Skogholtet dannar eit særmerkt naturmiljø med både plante- og dyresamfunn av meir kravfull karakter.

Kilde: Folkestad

**150 AURE Todalssetra**

Kartref.: 1421 II MR 889 109

Areal 146 daa

Almeskog med innslag av bjørk og hassel. Avgrensa av fjell og blokkmark. Berggrunn gneis. Eksponering mot SØ. Variert og relativt frodig feltsjikt. Einaste kulturpåverknad er moderat beiting. Lokaliteten er av dei største "reine" almeskogane nær kysten på Nordmøre.

Kilde: Korsmo-75

**151 AURE Gauplia**

Kartref.: 1421 I MR 900 250

Areal 1390 daa

Sørvendte bratte ller langs Årvågsfjorden. Alm-hasselli med varmekjær flora.

Kilde: Marker-77 (A.Moen-72),

**152 AURE Aresvik**

Kartref.: 1421 III MR 707 041

Areal 42 daa

Alm-hasselskog med rik flora i ei smal stripe oppunder ein berghammar. Eksposisjonen er sør til austvendt.

Kilde: Marker-77, Folkestad-76

**153 AURE Skogset**

Kartref.: 1421 III MR 713 074

Areal 6 daa

To bestand av almeskog og gråor-heggeskog med innslag av hassel, hver på omlag 3 dekar. Arter: Tyrihjelm, trollbær, akeleie, storklokke, trollurt, myske, turt, strutseveng, firblad, junkerbregne.

Kilde: Korsmo-75

**154 AURE Lindås**

Kartref.: 1421 III MR 784 081

Areal 1 daa

Tre store lindetre med hassel i busksjiktet. Ingen rekruttering av lind.

Kilde: Korsmo-75

**155 AURE Røyerneset/Bølia**

Kartref.: 1421 II MR 890 077

Areal 2000 daa

Stupbratt fjellside på nordsida av Vinjefjorden med varmekjær vegetasjon.

Kilde: Folkestad-76

**156 AURE Vik**

Kartref.: 1421 III MR 804 092

Areal 606 daa

Vest- og sørvendte bratte skogslier. Alm og hassel dominerer vegetasjonen.

Kilde: Folkestad-76

**157 HALSA Grytadalen**

Kartref.: 1421 III MQ 775 987

Areal 515 daa

Brattlendt lauvskogsli langs vestsida av dalen, med svært frodig vegetasjon, og med meir kravfulle og sjeldne plantesamfunn.

Kilde: Folkestad-76

**158 HALSA Kvalnesvik**

Kartref.: 1421 III MQ 612 891

Areal 210 daa

Sørvendt lauvskogsli med varmekjær vegetasjon.

Kilde: Folkestad-76

**159 HALSA Skyhamran**

Kartref.: 1421 III MQ 813 976

Areal 195 daa

Bratt og rasutsett li med varmekjær vegetasjon. Tresjiktet er blanda med furu og hassel og med innslag av alm. Amfibolitt i berggrunnen. Tynt jordsmonn. Feltsjikt med sanikkeldominans, elles store gras, junkerbregne, fleire orkidear og kusymre.

Kilde: Hans H. Blom (pers.med. juni-87)

**160 HALSA Grasneset/Fjærli**

Kartref.: 1421 III MR 796 004

Areal 530 daa

Bratte sørvendte og lune rasmarker med frodig varmekjær vegetasjon. Or og hassel.

Kilde: Folkestad-76

## KVA INNEBER VERN?

### LOVHEIMEL

Vern av spesielle naturområde og naturforekomstar skjer i medhald av "Lov om naturvern" av 19. juni 1970, med sinare endringar. Det er i lova gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar:

**Nasjonalparkar:** Store urørte, tilnærma urørte, egenarta eller vakre naturområde som i det vesentlege ligg på Statens grunn.

**Landskapsvernområde:** Egenarta eller vakre natur- eller kulturlandskap der tradisjonell verksemd (t.d. jord- og skogbruk) skal kunne halde fram til ein viss grad.

**Naturresevat:** Tilnærma urørte naturområde av særleg verdi eller område med spesiell naturtype som får etter måten strenge vernereglar.

**Naturminne:** Geologiske, botaniske eller zoologiske forekomstar som fredast på grunn av høg vitenskapelig eller historisk interesse eller har spesielle særpreg.

**Plante- eller dyrelivsfreding:** Artar eller samfunn av plantar og dyr som har særleg verdi som tilhaldstad for ei rekkje artar.

For å verne edellauvskogsområde mot uønska inngrep, er det nødvendig med strenge vernereglar. I samband med den komande verneplanen er det derfor aktuelt å bruke kategorien naturresevat.

I §8 i naturvernlova heiter det:

*Område som har urørt eller tilnærmet urørt natur eller utgjør spesiell naturtype og som har særskilt vitenskapelig eller pedagogisk betydning eller som skiller seg ut ved sin egenart, kan fredes som naturresevat. Et område kan totalfredes eller fredes for bestemte formål som skogresevat, myrresevat, fugleresevat eller lignende.*

For å sikre formålet med verneforslaga, må det utarbeidast vernereglar. Det vil bli utarbeidd forslag til vernereglar for kvar einskild lokalitet kor spesielle tilhøve og interesser som knyt seg til det einskilde område vert vurdert. I forslaget til vernereglar er det derfor teke med eigne punkt under del V og VI der eventuelle særreglar for einskildområde kan takast inn. Dette gjeld t.d. reglar om hogst, motorferdsel, beiting o.l. i lokalitetar der dette ikkje vil redusere verneverdiane.



## FORSLAG TIL GENERELLE VERNEREGLAR

### FORSKRIFT OM VERN AV .....NATURRESERVAT I ..... KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL FYLKE

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19.juni 1979 nr. 63 med seinare endringar, §8, jf. §§ 10, 21, 22 og 23, er eit område i ..... kommune, Møre og Romsdal fylke, verna som naturreservat ved kgl. res. av ..... under nemninga "..... naturreservat".

#### II

Det freda området berører følgjande gnr./bnr.:

Naturreservatet dekkjer eit areal på ca .... dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart i målestokk 1:5000, dagsett Direktoratet for naturforvaltning ..... . Kartet og vernereglane blir oppbevarte i ..... kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### III

Formålet med fredinga er å ta vare på ..... .

#### IV

I det freda området gjeld følgjande føresegner, jf. punkta V - VI:

1. Vegetasjon, også daude buskar og tre, er freda mot einkvar form for skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. For dyrelivet gjeld viltoven sine reglar og forskrifter.
3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av kloakkledningar, luftleidningar eller jordkablar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bålbrenning, lagring eller dumping av avfall, tilføring av forureinande stoff, kjemiske middel eller gjødsel.

Opplistinga er ikkje uttømmmande.

4. Motorisert ferdsel til lands er forbudt.

(NB: forts. Neste side)

## V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmaktene er varsla.
3. Ferdsel til fots, sanking av bær og matsopp.
4. Beiting. (I nokre spesielle område kan det verte aktuelt med restriksjonar på beiting.)
5. Hogst av ved til eige bruk. (Hogst bør berre skje i samsvar med ein skjøtselsplan, og i nokre område bør hogst ikkje vere tillatt.)
6. Eventuelle særskilde unntak

## VI

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. (Her nemnast eventuelle spesielle formål ein kan gi dispensasjon til)

## VII

Forvaltningsstyresmaktene, eller den forvaltningsstyresmaktene fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsformålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføringa av skjøtselstiltaka.

## VIII

Forvaltningsstyresmaktene kan gjere unnatak frå fredingsføresegnene når formålet med fredinga krev det, samt for vitenskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

## IX

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## SAKSBEHANDLING OG FORVALTNING

Før eit vernetiltak kan gjennomførast blir det gjort eit omfattande førearbeid. Saksbehandlinga for verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal har til no omfatta:

Naturfaglege registreringar og prioritering av verneverdiane. Kontakt med ulike fagstyresmakter og vitsskapelege institusjonar for å få innspill. Utarbeiding av denne rapporten.

Den vidare saksgangen blir:

1. Kontakt med grunneigarar og andre interesserte partar, innhenting av informasjon.
2. Utarbeiding av utkast til verneplan, og oversending til Direktoratet for naturforvaltning for fagleg godkjenning.
3. Det godkjente utkastet til verneplan blir sendt alle berørte partar til høyring.
4. Verneforslaget blir slutthandsama av Direktoratet for naturforvaltning på bakgrunn av dei innkomne fråsegnene. Slutthandsaminga omfattar og ein høyringsrunde til ulike berørte departement, direktorat og organisasjonar på nasjonalt plan.
5. Miljøverndepartementet legg verneplanane fram for vedtak i regjeringa som kongeleg resolusjon.

Etter endeleg vedtak om vern, vil alle grunneigarar umiddelbart få eit brev med melding om vedtaket, kart og vernereglar, samt ei orientering om erstatningsreglane.

### Økonomiske erstatning

I 1985 vedtok Stortinget nye reglar om erstatning ved oppretting av **reservat** (omfattar og biotopfreding etter naturvernlovas § 9) og **naturminne** (Ot.prp. nr 46 for 1983-84 og innst. O. nr 2 for 1984-85). Lovendringa vart sett i kraft frå 15.februar 1985.

Grunneigarar og rettshavarar i slike område vil ha krav på å få dekt dokumenterte økonomiske tap som ei følgje av fredinga. Utmåling av erstatning skal skje i samsvar med lov av 6.april 1984 nr 17 "Om vederlag ved oreigning av fast eigedom (ekspropriasjons-erstatningslova)". Det økonomiske tapet skal fastsetjast på grunnlag av salsverdi eller bruksverdi. Men i begge tilfelle vil det berre kunne krevjast erstatning for slike former for økonomisk utnytting som blir forbodne etter vernereglane. I verneområde der grunneigaren kan halde fram med visse former for økonomisk utnytting, som t.d. beite eller hogst av ved til eige bruk, inneber eit slikt erstatningsprinsipp at grunneigaren får mindre i erstatning enn om området hadde vore selt eller ekspropriert.

Sjøl om vernereglane for eit reservat eller naturminne kan tilate ei viss næringsdrift, er vanlegvis større endringar i driftsforma forbode.

Det kan t.d. vere forbod mot intensiv skogsdrift i form av skogsvegar, grøfting, sprøyting og planting. Økonomiske tap som følgje av eit slikt forbod kan krevjast erstatta dersom ei slik meir intensiv drift må reknast som ei "påreknaleg utnytting som det røyneleg er grunnlag for etter tilhøva på staden" (ekspropriasjons-erstatningslovas §5). Også dette

spørsmålet må vurderast frå sak til sak. Når ein tek omsyn til påreknelege bruksendringar i samband med erstatningsutmålinga, bestemmer imidlertid dei nye reglane i naturvernlovas § 20 tredje ledd at den verdi som heng saman med offentlege tilskot til bruksomlegging, ikkje skal erstattast.

Grunneigarar og rettshavarar i landskapsvernområde har ikkje krav på erstatning etter dei nye reglane. det same gjeld ved **midlertidig vern**. Statens erstatningsplikt ved oppretting av **slike** verneområde er regulert i naturvernlovas § 20b som lyder:

Økonomisk tap som følge av vedtak etter §§ 3, 5 og 18 tredje ledd i denne lov kan i samsvar med alminnelige rettsgrunnsetninger kreves erstattet av staten. Med mindre annet er avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn etter begjæring av en av partene innen ett år etter at vedtaket er kunngjort. Departementet kan forlenge fristen. Reglene i domstolsloven §§ 153-158 gjelder så langt de passer.

Med "alminnelige rettsgrunnsetninger" i denne samanheng sikter ein til dei retningslinene som har utvikla seg på grunnlag av prinsippet i Grl. 105, med sikte på lovgjeving som legg restriksjonar på utnytting av fast eigedom. Miljøverndepartementet vil peike på at det berre er i unntakstilfelle, der ein grunneigar eller rettshavar blir ramma hardt av vernevedtaket, at eit vedtak om oppretting av landskapsvern eller midlertidig vern kan utløyse krav om erstatning. Eigarar eller rettshavarar som meiner å ha krav på erstatning ved gjennomføring av slike vernesaker, må sjølv setje fram krav for vedkomande domsstol innan eit år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket.

Grunneigarar og rettshavarar i **reservat** eller **naturminne** må setje fram skriftlege krav til vedkomande fylkesmann innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket. Dette er eit vilkår for rett til erstatning etter desse reglane.

Miljøverndepartementet tek sikte på å løyse dei fleste erstatningssakene gjennom frivillige drøftingar. Departementet meiner at denne framgangsmåten vil vere like trygg for grunneigarane som eit rettsleg skjønn, og at den dessutan kan føre til eit raskare erstatningsoppgjer.

Dersom naturvernstyresmaktene og dei berørte partane ikkje blir einige, må det offentlege sjøl setje fram krav om rettsleg skjønn for vedkomande domsstol. Skjønnsretten vil da fastsetje erstatninga. Staten må setje fram krav om rettsleg skjønn innan halvtanna år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket om ikkje grunneigaren går med på utsetjing av fristen.

Ved rettsleg skjønn vil grunneigarar og rettshavarar få dekt sine utgifter til advokat etter reglane i skjønnslova. Også ved frivillige forhandlingar er miljøverndepartementet innstilt på å dekkje slike kostnader.

Ved melding om eit eventuelt fredingsvedtak vil det bli gjeve ei nærare orientering om erstaningsreglane og om framgangsmåten ved fastsetjing av erstatningssummen.

## **FORKLARING AV EIN DEL ORD OG UTTRYKK**

**Bestand:** Tresett område med einsarta preg og med eit areal på minst 2 dekar.

**Biotop:** Nokonlunde einsarta område som er levestad for eit bestemt samfunn av dyr eller plantar.

**Bonitet:** Marka si evne til å produsere trevirke.

**Busksjikt:** Jf. feltsjikt.

**Edellauvskog:** Varmekjær lauvskog med lind, alm, hassel, lønn, eik, bøk, svartor eller ask, ofte på næringsrik grunn.

**Feltsjikt:** Den delen av vegetasjonsdekket som når opp til ca 1/2 meter. Feltsjiktet er samansett av urter, gras- og starrartar, småplanter av tre og busker. Busksjiktet er ca 1/2-3 meter, og tresjiktet over 3 meter.

**Klimakssamfunn:** Relativt stabil slutt-tilstand av eit plantesamfunn, t.d. eit skogsområde som endrar seg lite over lang tid.

**Lauving:** Lauving av lauvtre for å samle for til dyra om vinteren. I dag er lauvinga slutt dei fleste stader, men vi ser dei store lauvingstrea, oftast alm, mange stader i fylket. Lauving har mange namn, som **piling** og **styving**.

**Oseanisk:** Tilhøve i naturen som skyldast nærleiken til havet, særleg klimatisk.

**Plantesamfunn:** Ei gruppe av planteartar med stort set same økologiske krav til miljøet som veks saman.

**Referanseområde:** Naturområde som i hovudsak er intakt (urørt), og som derfor kan nyttast til samanliknande studium av andre område som er utsette for inngrep (eller studier av andre intakte naturområde).

## LITTERATURLISTE

- Bugge, Odd-Arild, diverse upubliserte feltundersøkelser 1988-91  
Følkestad, Alv Ottar, diverse upubliserte feltundersøkelser 1970-90  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, "Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden", rapport 3-1988 (FM 88:3)  
Holten, Jarle Inge, "Helgeekskursjon til Stangvik" notat 1975  
Holten, Jarle Inge, "Verneverdige naturtyper på Nordmøre", DKNVS, Mus. 1978  
Holten, Jarle Inge, "Verneverdige naturtyper i Møre og Romsdal II", DKNVS, Mus. 1979  
Holten, Jarle Inge, "Rauma, 10-års verna vassdrag", 1984  
Hånde, Per Steinar, "En plantesosiologisk undersøkelse av lauvskogssamfunn i Eikesdalsområdet med spesiell vekt på hasselskogen", Univ. i Oslo 1969  
Jordal, John Bjarne, diverse upubliserte feltundersøkelser 1988-89  
Korsmo, Harald, "Naturvernrådets landsplan for edellauvskogsreservater i Norge IV, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal", 1975  
Korsmo, Harald, "Forslag til reservater med barlind (*Taxus baccata*) L.", NLH, Ås 1976  
Korsmo, Harald, "Edellauvskogsinventeringer i Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal", 1978  
Løfall, Bjørn Petter, diverse upubliserte feltundersøkelser 1989  
Marker, E., "Landsplanen for verneverdige områder og forekomster", 1977  
Moen, Asbjørn, "Vegetasjonsregioner i Midt-Norge." Blyttia 1-2/88  
Nordisk Ministerråd, "Naturgeografisk regioninndeling av Norden", NU B 1977:34  
Skogen, Arnfinn, Diverse upubliserte krysslister fra aktuelle lokaliteter 1963-86  
Vold, L. E., "Flora og vegetasjon i Toåas nedbørsfelt, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag" Bot. undersøkelser i 10-års verna vassdrag  
Økoforsk, "Enheter for vegetasjonskartlegging i Norge", utredning 1987:1

---

I tillegg har følgjande personar gjeve munnlege opplysningar:

Bjørndalen, Jan Erik	Blom, Hans H.
Fremstad, Eli	Holten, Jarle
Korsmo, Harald	Moen, Asbjørn
Skogen, Arnfinn	



1991:

1. Spesialavfall/Miljøfarlig avfall i Møre og Romsdal. Statusrapport 1990 (ISBN 82-7430-033-5)
2. Årsmelding for miljøvernavingdelinga 1990 (ISBN 82-7430-034-3)
3. Forskrift om fiske etter anadrome laksefisk i Møre og Romsdal (ISBN 82-7430-035-1) ISSN: 0801-9363
4. Store rovdyr - rovviltskade på bufe i Møre og Romsdal 1990 (ISBN 82-7430-037-8) ISSN: 0801-9363
5. Verneverdig edellauvskog i Møre og Romsdal (ISBN-82-7430-038-6) ISSN: 0801-9363

1990:

1. Prøvefiske i Inste og Søre Glupvatn i Rauma kommune 1988 (ISBN 82-7430-025-4)
2. Overvaking av vassdrag og fjordar i Møre og Romsdal 1986-1988 (ISBN 82-7430-026-2)
3. Årsmelding for miljøvernavingdelinga 1988 og 1989 (ISBN 82-7430-021-1)
4. SPISSBUKKJAKT. En forsøksordning med jakt på spissbukk av hjort, 1987 og 1988 (ISBN 82-7430-027-0)
5. Avfallshåndtering i Møre og Romsdal. HOVEDRAPPORT (ISBN 82-7430-028-9)
6. Avfallshåndtering i Møre og Romsdal. SAMMENDRAGSRAPPORT (ISBN 82-7430-029-7)
7. Store rovdyr og rovviltskade (ISBN 82-7430-030-0)
8. Spørreundersøkelse blandt jegere i Møre og Romsdal (ISBN 82-7430-031-9)
9. Undersøkelse vedr. lakseparasitten Gyrodactylus Salaris i Møre og Romsdal 1988-89 - del Sunnmøre (ISBN 82-7430-032-7)

1989:

1. Kraftlinja Håheim-Djupvik. Fugleliv og friluftssinteresser (ISBN 82-7430-018-1)
2. Prøvefiske i Sunndal statsallmenning - Rapport nr 4. (ISBN 82-7430-020-3)
4. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal i 1986 og 1987 - del Romsdal (ISBN 82-7430-023-8)
5. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal i 1986 og 1987 - del Nordmøre (ISBN 82-7430-024-6)

1988:

1. Prøvefiske i Kilstivatnet, Norddal kommune 1984 (ISBN 82-7430-006-8)
2. Prøvefiske i Andestadvatnet, Sykkylven kommune 1986 (ISBN 82-7430-007-6)
3. Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden (ISBN 82-7430-008-4)
4. Prøvefiske i Gravdalsvatnet, Nesset kommune 1987 (ISBN 82-7430-009-2)
5. Prøvefiske i Kjerringnesvatnet, Ulstein kommune 1987 (ISBN 82-7430-010-6)
6. Handlingsplan for tiltak i Gyrodactylus salaris-infiserte vassdrag i Indre Romsdal (ISBN 82-7430-011-4)
7. 108 VALLDØLA - Naturvern- og friluftslivsinteresser i nedbørsfeltet (ISBN 82-7430-012-2)
8. Prøvefiske Sunndal Statsallmenning - rapport nr. 3 (ISBN 82-7430-014-9)
9. Årsmelding for miljøvernavingdelinga 1987 (ISBN 82-7430-016-5)
11. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal i 1986 og 1987 - del Sunnmøre (ISBN 82-7430-015-7)

### 1987:

1. Langtidsplan for miljøvernavingdelinga for perioden 1987 - 1990 (ISBN 82-7430-001-7)
2. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal i 1983, 1984 og 1985 (ISBN 82-7430-003-3)
3. Årsmelding for miljøvernavingdelinga 1986 (ISBN 82-7430-002-5)
4. Vassnebbvatnet og Lauvåvatnet, Surnadal kommune. Prøvefiske 1983. (ISBN 82-7430-004-1)

### 1986:

1. Myrområde med regional og lokal verneverdi
2. Prøvefiske med kavelflytende makrellgarn og laksegarn i Møre og Romsdal 1985
3. Årsmelding for Miljøvernavingdelinga 1985
4. Laks- og sjørrettfisket med faststående redskap og dorg i Møre og Romsdal. En fangstdagbokundersøkelse i 1984 og 1985
5. Nåsvatnet i Eide kommune. Prøvefiske 1983
6. Særlige reguleringer av laksefisket i Møre og Romsdal i 1984 og 1985. Sluttrapport.
7. Overvaking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1983-1985 (ISBN 82-7430-000-9)

### 1985:

1. Program for overvaking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1984-88
2. Rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre 1. Natur- og miljøvern.
3. Prøvefiske med kavelflytende garn, makrellgarn og laksegarn, med maskestørrelser henholdsvis 37-45 mm og 58 mm, i Møre og Romsdal 1984
4. Årsmelding for Miljøvernavingdelinga 1984
5. Silokontrollen 1984
6. Overvintrande sjøfugl i risikoområdet for oljeboring på Møre I. Supplement til rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre I. Natur- og miljøvern
7. Særlige reguleringer av laksefisket i Møre og Romsdal i 1984 og 1985. Erfaringer av reguleringene i 1984
8. Mellombels utkast til verneplan for myrvar. Møre og Romsdal
9. Sjøfuglundersøkingar i Møre og Romsdal sommaren 1985